



Bokn kommune

Rådmannen sitt forslag til
Drift- og investeringsbudsjett 2011
og
Økonomiplan 2012 - 2014

Innhald

Rådmannens generelle kommentarar	3
Reglement for økonomiplan og årsbudsjett	3
Økonomisk oversikt - drift	11
Økonomisk oversikt - investering	13
Budsjettskjema 1 B – Fordeling drift	17
Budsjettskjema 2B - investering	18
Forslag til nye driftstiltak	19
Noter til driftsrekneskapet:	20
Oversikt fond pr. Okt 2010.	21
Rammeområde 1 – Sentraladministrasjonen	23
Rammeområde 2 - Seksjon kultur, skule og barnehage	31
Rammeområde 3 – Seksjon helse, sosial og barnevern	38
Rammeområde 6 – Seksjon teknisk	46

Rådmannens generelle kommentarar til budsjett og økonomiplan 2011 – 2014

STATSBUDSJETTET 2011 – KONSEKVENSAAR FOR KOMMUNEØKONOMIEN

I tråd med kommunelovens kapittel 8 §44 til §47 med tilhøyrande forskrifter legg rådmannen med dette fram saldert budsjett for 2011, og saldert årleg økonomiplan 2012-2014.

Inntektsramma blir i hovudsak lagt i Stortinget gjennom Kommuneproposisjonen om våren og Statsbudsjettet om hausten. Budsjettet for Bokn er laga med utgangspunkt i forslag til statsbudsjett som blei lagt fram tirsdag 5. oktober.

Statsbudsjettet gir kommunane ei inntektsvekst i 2011 på 7,1 mrd mot 8 mrd i 2010. Veksten i frie inntekter på 3,9 mrd mot 4,2 mrd i 2010. Den ekspansive budsjettpolitikken ein hadde i 2010 som fylgje av finanskrisa er altså ikkje vidareført i 2011.

Deflatoren for 2011 er berekna til ca. 2,8 %. Denne består av pårekna lønsvekst på 3,25% og prisauke på 1,9%. For 2010 er deflatoren oppjustert frå 3,1 % til 3,25 % grunna sterkare lønsvekst enn berekna (3,45 % mot antatt 3,1 %).

I forhold til budsjett for 2010 er veksten i dei frie inntekter for Bokn i 2011 berekna til ca. kr. 1,3 mill. eller ca. 2,8 %. Dei frie inntektene består av overføringar frå staten, rammetilskott, og skatt, ekskl. eigedomsskatt. Dette er ei negativ inntektsutvikling for kommunen, både når ein samanlikner med tala for Rogaland, med ei samla nominell vekst på 3,6% og samla for landet 3,7%. Som ein ser av tala er veksten i frie inntekter for 2011 er ikkje høgare enn den berekna deflatoren for 2011 på 2,8 %. Dette vil seie at det ikkje ligg inne noko realvekst i budsjettet for Bokn kommune for 2011.

Årsaken til at Bokn kjem så dårleg ut når det gjeld overføringar i 2011 er endringar når det gjeld småkommunetilskottet. I forslaget til nytt statsbudsjett er småkommunetilskottet redusert med ca. 1 mill. kroner, frå 5,7 mill. i 2010 til 4,8 mill. i 2011. Dette er ein endring som i særleg grad slår negativt ut for dei minste kommunane.

SKATT

Skatteinngangen for kommunane i 2010 fram til og med september månad er ca. 4 % høgare enn for same tidsrom i 2009.

I forhold til landsgjennomsnittet har Bokn ei skatteinngang på bare 84 % fram til no i 2010 - mot 87 % i 2009. Bokn er den av kommunane i Rogaland med lågast skatteinngang.

Skatteøren er i statsbudsjettet foreslått redusert med 1,5 % til 11,30 %. Reduserte skatteinntekter vert kompensert med auka rammetilskott. Skattøyren er tilpassa føresetnaden om at skatten sin andel av dei samla inntektene skal reduserast til 40 prosent i 2011.

Bokn kommune har eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskatten er på 7 promille og er ein føresetnad for inntekter frå gassbasert industri på Kårstø og av Europipe II gassrørledninga som går over Bokn.

Budsjetterte driftsutgifter, skatteinntekter og rammetilskott er i samsvar med føresetnadene i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett og byggjer på KS sin prognosemodell.

FRAMTIDSUTSIKTER

Hausten 2010 har vore prega av politiske utspel og store mediaoppslag om kommunesamanslåing. Men med den samansetting Stortinget har no gjer ein ikkje rekning med at endring av kommunestrukturen eller tvangssamanslutning av kommunar blir ein stor sak i denne stortingsperioden.

Oppgåvefordeling mellom kommunar, fylke (region) og stat vil nok likevel vere aktuelle tema – ikkje minst sett i relasjon til nye reformar innan helse – samhandlingsreforma som skal vere gjennomført innan 2012 - og forvaltningsreforma som førte til at store deler av riksvegnettet blei ført over til fylka frå 1. januar 2010.

Når det gjeld samhandlingsreforma er det sagt at dei nye "helsekommunane" ikkje bør vera mindre enn 20.000 innbyggjarar. Dette vil i så tilfelle føra til at små kommunar enten må inn i eit samarbeid med store kommunar eller at mange små kommunar må slutta seg saman til ein stor "helsekommune". Fram til no har det vore lite engasjement frå kommunane si side til å gå inn i nye samarbeidsrelasjonar for å stå rusta til å møte den nye reformen.

Samhandlingsreforma vil sterkt påverka arbeidet i kommuneadministrasjonen dei neste åra i tillegg til at reforma vil bli eit sentralt politisk tema.

Bokn kommune har òg i 2010 hatt ei positiv folketalsutvikling. Folketalet synes så langt å ha stabilisert seg mellom 830 og 840 innbyggjarar. Ein rapport utarbeid for Haugalandet av konsulentfirmaet Econ Pöyri gir signal om at folketallet i Bokn vil kunne auke frå 840 til ca. 2400 i 2030 dersom kommunen ynskjer ei slik utvikling og legg til rette for det.

For å nå eit slikt mål vil det viktigaste vere å skaffe bustadtomter til dei som ynskjer å busetta seg i kommunen.

Det er i dag få ledige kommunale bustadtomter. Arbeid med tilrettelegging av bustadfeltet i Alvestad vil difor ha høgste prioritet. Samtidig må det arbeidast aktivt med planlegging av nye bustadfelt i kommunen.

I den kommande kommuneplanen vil etablering av Rogfast, T-forbindelsen og utvikling av Haugaland Næringspark på Gismarvik måtta stå sentralt i forhold til planlegging av bustad- og sentrumsstrukturen. Det vil vera naturleg at ein har sterkt fokus på å legge til rette for etablering av nye bustadområder. Det er grunn til å rekne med at etablering av Rogfast vil føre til sterk auke i innbyggartalet på Bokn då ledige og byggemodne tomteareal på sørsida av Boknafjorden er ein knapphetsfaktor.

Sysselsettingssituasjonen i Bokn i dag, er som i Rogaland elles, svært god. Arbeidsløysa for landet i oktober 2010 var 2,7%, Rogaland 2,2 % og i Bokn bare 1,0 %. Sjølv om sysselsettingssituasjonen er god er det ein merkbar tendens at arbeidsledigheten for unge under 30 år har vore dobbelt så høg i 2009 og 2010 som i 2007 og 2008.

"Kjekt på Bokn" saman med Folkehelseprosjektet vil vere eit sentralt satsingsområde dei 2 neste åra. Prosjektleiar for "Kjekt på Bokn" vil også vere prosjektleiar for Folkehelseprosjektet - noko ein trur vil gi god effekt for begge prosjekta.

Arbeidet med ny næringsplan for kommunen er i kome godt igang som ein del av eit felles prosjekt for eigarkommunane i Haugaland Vekst og Vindafjord. Ein tar sikte på at planarbeidet blir slutført i 2010 og kan leggast ut til offentleg ettersyn i fyrste del av 2011 med endeleg godkjenning i kommunestyret i løpet av våren 2011.

Arbeidet med rullering av kommuneplanen/utarbeiding av strandsoneringsplanen er godt igang. Gjennomføring av lovfesta og nødvendige prosessar, både i forhold til eigne

innbyggjarar og regionale statlege-/fylkeskommunale instansar, er tidkrevjande. Dette gjer at ein er usikker på om planane vert ferdige til godkjenning i inneverande kommunestyreperiode.

I 2010 har Bokn saman med Sveio og Etne utarbeidd klima og miljøplan. Planen vil i slutten av 2010 bli lagt ut til offentleg ettersyn, og vil bli lagt fram til kommunestyret for endeleg behandling i løpet av våren 2011.

I tillegg til dette planarbeidet deltar kommunen også i arbeidet med utarbeiding av regional plan for Haugalandet. Planprogrammet for denne planen legges ut på høyring i slutten av 2010, og sjølv arbeidet med Regional plan for Haugalandet vil starte opp i 2011.

Utviklinga regionalt har stor betydning for Bokn – med dei fordelar ein også i Bokn har når det gjeld å kunne dra nytte av dei tilboda ein kan utvikle i ein sterk felles bu- og arbeidsregion. Både når det gjeld interessante og spennande arbeidstilbod, gode helsetilbod og eit variert tilbod innan utdanning, kultur og idrett.

For Boknarane vil særleg næringsetableringar i Haugaland Næringspark på Gismarvik og Hydro sin næringspark på Håvik vere viktige. Målet er at det innan 2020 skal vera investert 20 milliardar i dette området. Haugaland Næringspark ligg bare ca. 15 minuttars kjøring frå Bokn og Hydro sin næringspark bare 8 minuttar frå Haugaland Næringspark.

Arbeidet med T-sambandet er starta opp og skal stå ferdig i løpet av 2013. I tillegg er Rogfast tatt med i NTP - perioden 2010 – 2019 med mogleg oppstart i perioden 2014 - 2019.

Det er fortsatt stor optimisme i Rogaland når det gjeld vekst og utvikling. Med tillegg av den høge aktiviteten det til ei kvar tid er på Statoil Hydro sitt anlegg på Kårstø, gir dette signal om stor aktivitet i regionen og Bokn kommune sine nærområder. Noko ein trur, til tross for finanskrisen, vil gi eit godt grunnlag for busetting og vekst.

ORGANISASJONSMESSIGE FOHOLD

Bokn kommune har idag ein organisasjon som i utgangspunktet er godt tilpassa kommunen sin aktivitet og kommunen sine økonomiske rammer. Men den administrative staben er liten, noko som gjer ein sårbar ved vakanse i stillingar som fylgje av oppsigelser, sjukefråver eller permisjonar.

I løpet av dei komande åra vil Bokn kommune stå framfor eit stort generasjonsskifte. Særleg gjeld dette for tilsette i administrative stillingar, der fleire godt kvalifiserte medarbeidarar vil gå av med pensjon. Samtidig er dette medarbeidarar med kompetanse som kommunane slit med å rekruttera. Dette gjer seg særleg gjeldande i teknisk sektor - både for Bokn og for andre kommunar.

Samarbeidet med SR-Bank som vart starta hausten 2007 vidareføres i 2011. I utgangspunktet har dette samarbeidet vore positivt både for bank og kommune. Det er likevel nødvendig å evaluera samarbeidsmodellen og gjere nødvendige justeringar slik at det kan fungera optimalt for brukarar, kommune og bank.

Arbeidet i kommunen sitt arbeidsmiljøutval, AMU, har i 2010 vore prioritert. Det er lagt opp til ei ytterlegare prioritering av dette arbeidet i 2011 i nært samarbeid med Haugaland HMS.

HOVUDTREKKA I RÅDMANNENS BUDSJETTFORSLAGET

Utgangspunktet for budsjett og økonomiplan for 2011 – 2014 er dei rammene som blei gitt gjennom kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2010, økonomiplan for 2010 til 2013, vedtekne målsettingar og kommunestyrevedtak i 2010 .

Budsjettframlegget for 2011 er prega av lågare vekst i inntektsutviklinga enn det ein har vore vane med dei siste åra. For Bokn kommune sin del skyldes dette fleire forhold. Mellom anna redusert småkommunetilskott på ca. 1 mill. kroner, bortfall av tilskott til ressurskrevjande

brukarar, endring i kriteriene for tilskott til born og ikkje minst ein høgare deflator enn det som var føreset i statsbudsjettet for 2010. Dette gjer at ein har ei utfordring med å sy saman eit budsjett med same handlingsrom som har hatt i budsjettperioden 2006 - 2010.

Som følgje av dette er dei økonomiske rammene for 2011 noko redusert samanlika med 2010. Tiltross for ein viss reduksjon meiner ein at det gode tenestetilbodet ein har hatt i 2010, i all hovudsak er vidareført i budsjettframlegget for 2011.

Ein har i budsjettet for 2011 vore forsiktig med å leggja inn nye tiltak ut over rammene. Av det budsjetterte overskotet på 3,3 mill. er det sett av 1.mill til tilleggsøyvingar og kr. 636.000,- til nye tiltak. Gjennomføring av andre tiltak som ligg i forslaget frå seksjonane krev at seksjonane gjer omprioriteringar innan eige budsjett.

NYE DRIFTSTILTAK

Rådmannen viser til oversikt over tiltak og kommentarar for det enkelte rammeområde. I samsvar med økonomiplanen er det sett av kr. 125.000,- til Storhallen i Tysvær som Bokn kommune sin andel av det regionale prosjektet.

INVESTERINGAR

Bokn kommune har i 2010 hatt opp store utbyggingsprosjekt på agendaen. Det kan nemnast:

- Nytt bustadfelt
- Utbygging vassverk
- Tilskott fylkesveg
- Småbåthavn
- Fleirbrukshall
- Diverse inv.

Før arbeidet med investeringsprosjekta kan settast i verk skal det enkelte prosjekt med endeleg kostnadsramme og finansiering leggast fram for kommunestyret til godkjenning.

Felles for utbyggingsprosjekta er at dei ikkje er kome så langt at ein har kunne legge dei fram for endeleg godkjenning med kostnadskalkylar og finansieringsplanar.

Kommunen har som følgje av store investeringar i perioden 2000 - 2005 hatt høg lånegjeld i forhold til andre kommunar. Lånegjeld pr. innbyggjar har dei siste åra normalisert seg, men gjennomføring av store investeringsprosjekt som krev stor lånefinansiering, vil likevel kunne få store negative konsekvensar på framtidige driftsbudsjett og kommunen sitt økonomisk handlingsrom.

BETALINGS- OG AVGIFTSREGULATIVET.

Maksimalpris for plass i barnehagen vil framleis vera styrande for barnehagesatsane. I samsvar med forslaget til statsbudsjett vert barnehagesatsen difor uendra.

Vass- og kloakkavgiftene for 2011 er foreslått auka med 20 %, mens renovasjonsavgiftene er foreslått auka med 5,6 % for normalabonnement, mens hytteabonnementet vil auke med ca. 30 %.

Byggesaksgebyra og oppmålingstenestene er foreslått auka til tilsvarande nivå som i Tysvær kommune, då Tysvær leverer desse tenestene til Bokn.

Betalingssatsane for SFO er ikkje endra i budsjettframlegget. Det same gjeld eigenbetalinga for musikkskulen.

Det vises elles til fullstendig forslag i vedlegget "Forslag til avgifts- og betalingsregulativ for Bokn kommune for 2011."

STILLINGAR

Det er i budsjettet for 2011 ikkje lagt opp til nye stillingar.

Dagens arbeidsmarknad og høg etterspørsel etter kvalifiserte personar, gjer rekrutteringsprosessen i kommunen til ei stor utfordring.

Bokn kommune deltar i det regionale rekrutterings- og omdømmeprosjekt på Haugalandet for å få fleire til å søke på stillingar på Haugalandet.

Alle kommunane på Haugalandet slit med rekruttering til administrative stillingar innanfor teknisk – særleg har det vore vanskeleg å rekruttera byggesaksbehandlarar.

SAMARBEID PÅ HAUGALANDET

Kommunane på Haugalandet har eit bredt og godt samarbeid. Næringssamarbeid gjennom Haugaland Vekst IKS og Haugaland Kraft as, samarbeid når det gjeld søppelhandtering gjennom HIM, politisk samarbeid gjennom Haugalandrådet, idrettsutval og friluftsråd, hamnesamarbeid gjennom Karmsund Havn, Flyplassutval, Hauklivegen as, Haugalandmuseene, samarbeid når det gjeld legevakt, miljøretta helsevern, barnevern, PPT, IKT og innkjøp, mellom anna.

Frå 2011 er Haugalandrådet foreslått lagt ned og vil bli erstatta av eit Ordførar- og rådmannskollegie for Haugesundregionen.

Nokre av samarbeidstiltaka har tilslutning frå alle kommunane, mens andre samarbeidsprosjekt har deltaking bare frå nokre av kommunane.

Det vert lagt opp til vidareføring av avtalar med Tysvær kommune når det gjeld felles landbrukskontor og kjøp av tenester frå teknisk når det gjeld oppmåling o.a. Vidare er Tysvær kommune ein naturleg samarbeidspartnar for Bokn når det gjeld brannsamorbeid, PPT og barnevern.

Ny lov om krisesentertjenesta har ført til at samarbeidet på Haugalandet om drift av krisesenteret er tatt opp til handsaming. Det blir no fremma ei sak om etablert eit nytt interkommunalt selskap IKS med 19 av kommunane på Haugalandet og i Sunnhordland som eigarar.

Kostnadene med kjøp av tenester frå andre kommunar er generelt stigande, men for Bokn vil dette likevel ofte vere einaste alternative måte å få utført dei pålagte oppgåvene på.

Samhandlingsreforma vil ytterlegare forsterke behovet for eit meir forpliktande samarbeid kommunane imellom.

Bokn kommune er som dei fleste andre kommunar heilt avhengig av godt samarbeidsklima kommunane imellom. Ein har fram til no, og vil også framover, legge vekt på å delta på ein positiv måte i interkommunale og regionale prosjekt som kan tena kommunen.

Eit godt interkommunalt samarbeid er ein føresetnad for at Bokn skal kunne fungera som ein sjølvstendig kommune framover.

KONKLUSJON

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2011 er basert på regjeringa sine signal om statlege overføringar til kommunesektoren.

Budsjettet er meint å gi eit realistisk bilde av drifta, både når det gjeld inntekter og ugifter samtidig som det skal visa kva utfordringar kommunen står framfor. Store utfordringar innanfor VAR-området gjer at det vert foreslått ei sterk auke i vass- og kloakkavgiftene.

Bokn kommune har i perioden frå 2005 til 2011 hatt ein god økonomisk utvikling. Men framlegg til Statsbudsjett vil gi Bokn ei negativ realvekst i 2011. Dette heng i hovudsak saman med framlegget om å redusera småkommunetilskottet med ca. 1 mill.

Kommunen si gjeld ligg no på eit komfortabelt nivå. Med dagens låge renter gir dette kommunen små finanskostnader – noko som er med å oppretthalde ein viss grad av økonomisk handlefridom – sjølv om budsjettet for 2011 viser at veksten i driftsutgiftene dette året er større enn driftsinntektene.

Samla sett har ein lagt fram eit stramt budsjett, der nye tiltak delvis må finansierast gjennom omprioriteringar i seksjonane. Ein ser likevel at driftsbudsjettet i 2011 ligg noko høgt i forhold til driftsinntektene. Administrasjonen vil difor i løpet av det kommande året gå gjennom drifta for å justera ned drifta - tilpassa nivået på driftsinntektene.

Dersom kommunen i framtida skal kunne gjennomføra dei store investeringane som er nemnt, er det viktig at kommunen årleg sett av midlar til fond.

Kommunen står som tidlegare nemnt framfor til dels store investeringar. Dette er investeringar som vil vere viktige når det gjeld å leggja til rette for å auke busetnaden på Bokn. For at ikkje kostnadene med investeringane skal få for store negative konsekvensar i forhold til tenesteproduksjonen elles, vil ein prøve å leggje opp til at investeringane i stor grad må vere sjølvfinansierande.

Rådmannen, november 2010

Jan Erik Nygaard

Reglement for økonomiplan og årsbudsjett

(Utdrag av reglement for Bokn kommune)

Rådmannen sender i juni/juli ut eit budsjetttrundskriv for utarbeiding av økonomiplanen og årsbudsjettet med vedtak i desember, jfr. Økonomisystemet sin årssyklus.

Arbeidsprosessar i utarbeidinga av budsjett og økonomiplan :

Alle datoar som ikkje har fastsett frist er rådgjevande og vil fastsetjast kvart år i rådmannen sitt budsjetttrundskriv.

Rapportering til SSB om ressursbruk og tenestedata	Frist 15.februar
Rekneskap og årsmelding for forrige år skal godkjennast	Frist 1.juli
Rundskriv frå rådmannen Inkl. konsekvensjustert budsjett	Ca.1.juli
Budsjettseminar kommunestyre/administrasjon	
Administrativ behandling i seksjonane, inkl. opplæringsplan	Juli - september
Informasjon / samarbeidsmøter	Oktober/november
Frist seksjon	Ca 1.oktober
Rådmannen sitt forslag vert presentert 1)	Ca 8.november
Arbeidsmiljøutvalet får saka til uttale Info til organisasjonane	medio november
Formannskapet 2)	November/desember
Kommunestyret	Frist 15.desember

1) Rådmannen sitt forslag vert offentleg ihht. lov om meiroffentlighet

2) Formannskapet sitt forslag er kommunen sitt ordinære framlegg til budsjett.

Økonomiplanen skal

- gjelde for fire år
- angi kva retning kommunen tenkjer å gå i framtida
- danna grunnlaget for årsbudsjetta
- fylgje opp og føre vidare satsingsområder som er lagt inn i kommuneplanen sin langsiktige del og sentrale vedtak som er gjort.

Årsbudsjettet skal

- utgjere år 1 i økonomiplanen og gjelde for eit år
- bygge på prioriteringar i økonomiplanen
- være bevillingsdokument, dvs. at vedtatt budsjett angir kva netto rammer kommunestyret har løyvd til kommunen sin verksemd det kommande året. Rammene er bindande for rammeområda.

Seksjonane utarbeider sine forslag til årsbudsjett på artsnivå innafor sine respektive rammeområder etter gjeldande budsjettforskrifter. Fordi budsjettet skal bli vedtatt på rammeområde må seksjonane formulere forslag til mål og premisser på dei tenestene kor det er nødvendig for å forklare kva ein vil oppnå med løyvinga.

Oppstilling og fordeling

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i Økoplplan etter vedtatt ansvarsstruktur. Dei skal byggje på seksjonane sine rekneskap frå året før men som skal korrigerast for:

Forventa endringar i perioden (ny verksemd o.l.)

Målsetjingar for seksjonane si verksemd

Resultater som forventast nådd i planperioden

Endringar i stillingar (nye/endringar/reduksjonar)

Kommunestyret skal vedta driftsbudsjettet på rammeområder og og investeringsbudsjettet på prosjekt nivå iht obligatorisk oppstilling, jfr budsjettforskrift.

Etter kommunelova sin § 44 skal økonomiplanen omfatte heile kommunen si verksemd, være realistisk og setjast opp på ein oversiktleg måte, (ansvar, teneste og art). Økonomiplan og årsbudsjett skal kommunestyret vedta på netto rammeområde;

Kommunen har etter omorganiseringa i 2005 desse rammeområdene:

sentraladministrasjonen
kultur/skule/barnehage
helse/sosial/barnevern
teknisk

Innafor kvart rammeområde sorterer fleire ansvar som er fastsett i den interne kontoplanen. Kvart rammeområde har fleire tenestar.

Dersom kommunestyret vedtar ei innsparing for eit rammeområde, skal denne så langt mogleg vera spesifisert.

Behandling

Behandling av økonomiplan og årsbudsjett skal skje i samsvar med kommunelova sine §§ 44 og 45, og budsjettforskrift §§ 3, 4 og 15.

Mynde / vedtak i budsjettsaker

Kommunestyret skal vedta budsjettet som nettoramme pr. rammeområde. Kommunestyret skal i tillegg gi mål og premisser for tildelinga. Kommunestyret må sjølv føreta budsjettjusteringar dersom nettoramma for det gitte ansvarsområde er overskredet.

Når kommunestyret fattar vedtak på nettoramme pr rammeområde (seksjon), medfører dette at seksjonssjefane må vurdere tertialrapportane for å finne ut om kostnader og inntekter i perioden står i forhold til budsjettet for heile året. Har ein seksjon brukt ein forholdsmessig stor del av budsjettet må seksjonssjef og rådmann vurdere om meirforbruket er av ein slik art at det er fare for at kommunestyret si bevilling på årsbasis ikkje er tilstrekkeleg. Kan ikkje meirforbruket, etter rådmannen si vurdering, dekkjast inn i løpet av året, legg rådmannen fram sak om tilleggsbevilling til kommunestyret.

Økonomisk oversikt - drift

	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Driftsinntekter						
Brukerbetalinger	2.663.284,15	2.599.000,00	2.660.000,00	2.660.000,00	2.660.000,00	2.660.000,00
Andre salgs- og leieinntekter	4.685.156,93	4.798.300,00	5.542.300,00	5.542.300,00	5.542.300,00	5.542.300,00
Overføringer med krav til motytelse	17.274.953,50	11.785.400,00	6.027.500,00	6.027.500,00	5.827.500,00	5.827.500,00
Rammetilskudd	26.178.474,00	27.517.000,00	34.613.000,00	34.613.000,00	34.613.000,00	34.613.000,00
Andre statlige overføringer	603.717,00	400.000,00	420.000,00	420.000,00	420.000,00	420.000,00
Andre overføringer	143.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Skatt på inntekt og formue	15.681.618,10	16.538.000,00	15.857.000,00	15.857.000,00	15.857.000,00	15.857.000,00
Eiendomsskatt	8.256.026,00	7.400.000,00	7.100.000,00	7.100.000,00	7.100.000,00	7.100.000,00
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsinntekter	75.486.229,68	71.037.700,00	72.219.800,00	72.219.800,00	72.019.800,00	72.019.800,00
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	37.524.481,05	37.735.400,00	38.257.600,00	38.237.600,00	37.807.600,00	37.787.600,00
Sosiale utgifter	10.140.442,65	11.392.800,00	11.333.500,00	11.333.500,00	11.192.000,00	11.192.000,00
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	10.400.432,49	9.824.800,00	9.605.200,00	9.629.200,00	9.479.200,00	9.373.200,00
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	5.493.773,34	3.733.500,00	4.530.500,00	4.530.500,00	4.530.500,00	4.530.500,00
Overføringer	4.346.222,36	4.886.200,00	5.495.600,00	5.087.800,00	5.087.800,00	5.087.800,00
Avskrivninger	2.417.836,00	2.600.000,00	2.700.000,00	2.700.000,00	2.700.000,00	2.700.000,00
Fordelte utgifter	0,00	-30.000,00	-30.000,00	-30.000,00	-30.000,00	-30.000,00
Sum driftsutgifter	70.323.187,89	70.142.700,00	71.892.400,00	71.488.600,00	70.767.100,00	70.641.100,00
Brutto driftsresultat	5.163.041,79	895.000,00	327.400,00	731.200,00	1.252.700,00	1.378.700,00
Finansinntekter						
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	1.879.591,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00
Mottatte avdrag på utlån	33.708,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00
Sum eksterne finansinntekter	1.913.299,00	2.010.500,00	2.010.500,00	2.010.500,00	2.010.500,00	2.010.500,00
Finansutgifter						
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	1.423.110,99	1.700.000,00	1.300.000,00	1.300.000,00	1.300.000,00	1.300.000,00
Avdragsutgifter	2.065.309,20	2.060.000,00	2.060.000,00	2.060.000,00	2.060.000,00	2.060.000,00
Utlån	48.216,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00
Sum eksterne finansutgifter	3.536.636,19	3.770.500,00	3.370.500,00	3.370.500,00	3.370.500,00	3.370.500,00

	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-1.623.337,19	-1.760.000,00	-1.360.000,00	-1.360.000,00	-1.360.000,00	-1.360.000,00
Motpost avskrivninger	2.417.836,00	2.600.000,00	2.700.000,00	2.700.000,00	2.700.000,00	2.700.000,00
Netto driftsresultat	5.957.540,60	1.750.000,00	1.667.400,00	2.071.200,00	2.592.700,00	2.718.700,00
Interne finanstransaksjoner						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	2.940.608,12	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	761.598,55	250.000,00	50.000,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	349.500,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum bruk av avsetninger	4.051.706,67	250.000,00	50.000,00	0,00	0,00	0,00
Overført til investeringsregnskapet	608.654,17	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger til disposisjonsfond	4.225.336,03	2.000.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger til bundne fond	720.131,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger til likviditetsreserven	6.031,37	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	5.560.152,57	2.000.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	4.449.094,70	0	1.717.400,00	2.071.200,00	2.592.700,00	2.718.700,00

Økonomisk oversikt - investering

	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Inntekter						
Salg av driftsmidler og fast eiendom	175.890,70	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Statlige overføringer	200.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	375.890,70	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Utgifter						
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	2.823.335,97	300.000,00	5.265.000,00	0,00	50.000,00	500.000,00
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	7.500,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer	402.691,63	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	3.233.527,60	300.000,00	5.265.000,00	0,00	50.000,00	500.000,00
Finansransaksjoner						
Avdragsutgifter	111.711,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån	450.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av aksjer og andeler	114.512,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger til ubundne investeringsfond	175.890,70	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansieringstransaksjoner	852.113,70	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Finansieringsbehov	3.709.750,60	300.000,00	5.265.000,00	0,00	50.000,00	500.000,00
Dekket slik:						
Bruk av lån	450.000,00	0,00	5.265.000,00	0,00	50.000,00	500.000,00
Mottatte avdrag på utlån	42.420,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer fra driftsregnskapet	608.654,17	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	95.000,00	300.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	2.444.385,43	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	69.291,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	3.709.750,60	300.000,00	5.265.000,00	0,00	50.000,00	500.000,00
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00

	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Anskaffelse og anvendelse av midler						
Anskaffelse av midler						
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	75.486.229,68	71.037.700,00	72.219.800,00	72.219.800,00	72.019.800,00	72.019.800,00
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	375.890,70	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjone	2.405.719,00	2.010.500,00	7.275.500,00	2.010.500,00	2.060.500,00	2.510.500,00
Sum anskaffelse av midler	78.267.839,38	73.048.200,00	79.495.300,00	74.230.300,00	74.080.300,00	74.530.300,00
Anvendelse av midler						
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	67.905.351,89	65.908.200,00	66.884.600,00	66.888.600,00	66.167.100,00	66.041.100,00
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	3.233.527,60	300.000,00	5.265.000,00	0,00	50.000,00	500.000,00
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	4.212.859,19	3.770.500,00	3.370.500,00	3.370.500,00	3.370.500,00	3.370.500,00
Sum anvendelse av midler	75.351.738,68	69.978.700,00	75.520.100,00	70.259.100,00	69.587.600,00	69.911.600,00
Anskaffelse - anvendelse av midler						
Endring i ubrukte lånemidler	50.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK	-1.006.463,57	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i arbeidskapital	1.959.637,13	3.069.500,00	3.975.200,00	3.971.200,00	4.492.700,00	4.618.700,00
Avsetninger og bruk av avsetninger						
Avsetninger	9.576.483,80	2.000.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetninger	6.660.383,10	550.000,00	50.000,00	0,00	0,00	0,00
Netto avsetninger	2.916.100,70	1.450.000,00	-50.000,00	0,00	0,00	0,00
Int. overføringer og fordelinger						
Interne inntekter mv	5.195.499,31	5.895.400,00	5.995.400,00	5.995.400,00	5.995.400,00	5.995.400,00
Interne utgifter mv	5.195.499,31	5.865.400,00	5.965.400,00	5.965.400,00	5.965.400,00	5.965.400,00
Netto interne overføringer	0,00	30.000,00	30.000,00	30.000,00	30.000,00	30.000,00

	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Budsjettskjema 1A - drift						
Skatt på inntekt og formue	15.681.618,10	16.538.000,00	15.857.000,00	15.857.000,00	15.857.000,00	15.857.000,00
Ordinært rammetilskudd	26.178.474,00	27.517.000,00	34.613.000,00	34.613.000,00	34.613.000,00	34.613.000,00
Skatt på eiendom	8.256.026,00	7.400.000,00	7.100.000,00	7.100.000,00	7.100.000,00	7.100.000,00
Andre direkte eller indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre generelle statstilskudd	603.717,00	400.000,00	420.000,00	420.000,00	420.000,00	420.000,00
Sum frie disponible inntekter	50.719.835,10	51.855.000,00	57.990.000,00	57.990.000,00	57.990.000,00	57.990.000,00
Renteinntekter og utbytte	1.879.591,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1.423.110,99	1.700.000,00	1.300.000,00	1.300.000,00	1.300.000,00	1.300.000,00
Avdrag på lån	2.065.309,20	2.060.000,00	2.060.000,00	2.060.000,00	2.060.000,00	2.060.000,00
Netto finansinnt./utg.	-1.608.829,19	-1.760.000,00	-1.360.000,00	-1.360.000,00	-1.360.000,00	-1.360.000,00
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Til ubundne avsetninger	4.231.367,40	2.000.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Til bundne avsetninger	720.131,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	2.940.608,12	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne avsetninger	761.598,55	250.000,00	50.000,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne avsetninger	349.500,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto avsetninger	-899.791,73	-1.750.000,00	50.000,00	0,00	0,00	0,00
Overført til investeringsbudsjettet	608.654,17	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Til fordeling drift	47.602.560,01	48.345.000,00	56.680.000,00	56.630.000,00	56.630.000,00	56.630.000,00
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	43.127.830,00	48.876.500,00	54.962.600,00	54.558.800,00	54.037.300,00	53.911.300,00
Mer/mindreforbruk	4.474.730,01	-531.500,00	1.717.400,00	2.071.200,00	2.592.700,00	2.718.700,00

	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Budsjettskjema 2A - investering						
Investeringer i anleggsmidler	3.233.527,60	300.000,00	5.265.000,00	0,00	50.000,00	500.000,00
Utlån og forskutteringer	564.512,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	111.711,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger	175.890,70	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Årets finansieringsbehov	4.085.641,30	300.000,00	5.265.000,00	0,00	50.000,00	500.000,00
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidler	450.000,00	0,00	5.265.000,00	0,00	50.000,00	500.000,00
Inntekter fra salg av anleggsmidler	175.890,70	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Tilskudd til investeringer	200.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	42.420,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum ekstern finansiering	868.310,70	0,00	5.265.000,00	0,00	50.000,00	500.000,00
Overført fra driftsbudsjettet	608.654,17	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetninger	2.608.676,43	300.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	4.085.641,30	300.000,00	5.265.000,00	0,00	50.000,00	500.000,00
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00

Budsjettskjema 1 B – Fordeling drift

	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
SENTRALADMINISTRASJONEN	14 269 000	13 835 200	13 363 700	13 337 700
SKULE, KULTUR OG BARNEHAGE	19 856 000	19 856 000	19 856 000	19 856 000
HELSE, SOSIAL OG BARNEVERN	17 783 500	17 833 500	17 783 500	17 833 500
SEKSJON TEKNISK	3 054 100	3 034 100	3 034 100	2 884 100
Sum overført til drift	54 962 600	54 558 800	54 037 300	53 911 300

Budsjettskjema 2B - investering

Forslag til nye investeringar i budsjettet og økonomiplan 2011- 2014

	2011	2012	2013	2014
Brannvegg skule prosjektering	100 000	0	0	0
Føresvik havn	165 000			
Bustadfelt Fyrvegen	5 000 000			
Vassverk – eiga sak				
Renseanlegg Førsvik – eiga sak				
Molo Hålandsjøen – eiga sak				
Overrisling sjukeheim/oms.bustad			50 000	400 000
Totalt	5 265 000		50 000	400 000
Finansiert vha lån	5 265 000		50 000	400 000

Forslag til nye driftstiltak

	Forslag	2011	2012	2013	2014
Ny bil til vaktmeister, leasing kostnadsauke(bud	50 000		50 000	50 000	50 000
Hovedservice ventilasjon	25 000	25 000			
Utvendig maling skule	20 000	20 000			
Hovedservice ventilasjon	25 000	25 000			
Opplæring brannmenn		250 000	250 000	250 000	150 000
Blåsemaskin og kompressor	20 000				
Vedlikehold av pumpehus på Hognaland	50 000				
Innkjøp av reserve kloakkpumpe	30 000				
Nytt kjøkken med komfyr i spisestuen	30 000				
Nye hyller matbod/kjøøl på kjøkkenet	22 000				
Nytt EKG-apparat	22 000				
Ergometersykkel, fysioterapi	4 000				
Skanolab (elektroterapi), fysioterapi	25 000				
Oppgradering skadestue	20 000				
Oppvaskmaskin Lab	4 000				
Blodtrykksapparat	6 000				
GU-stol	25 000				
Vanndispenser venterom	12 000				
Hjertestarter	22 000				
Digitalt kamera	3 000				
Medisinskapp	4 000				
Dagtilbod, brukar Bu & akt	240 000	240 000			
Vaskemaskin	5 000				
Sydentur bebuar	10 000				
Ikt plan	76 000	76 000			
Fleire leikeapparat barnehage	30 000				
Utstyr og drift filmprosjektet	20 000				
Eldste delen av skulen, fornying,	50 000				
Kompetansebygging i skule/barnehage m.v.	50 000				
auke opningstid bibliotek	45 000				
dataspel, bøker etc bibliotek	20 000				
Biblioteket auke av stilling	50 000				
Bygdebladet freelance-journalist	50 000				
oppretthalde aktivitet Musikkskulen	70 000				
Nytt utstyr musikkskulen	30 000				
Innbu Auditoriet og kino	50 000				
Digital framvising Auditoriet og kino	50 000				
Flomlys på fotballbanen	50 000				
Sum nye driftstiltak		636 000	300 000	300 000	200 000

Noter til driftsrekneskapet:

Note 1. - skatteinntekter,

Det er her lagt til grunn at skatteinntektene for Bokn kommune vil liggja på ca 86 % av landsgjennomsnittet ihht prognose.

Note 2.- rammetilskot

I tillegg til ordinært rammetilskot får kommunen eit småkommunetilskot som utgjør 4,8 mill pr. i 2011. Dette er ein reduksjon på 868.000 frå 2010. Ordinært skjønntilskot er redusert med 600.000 frå 1 mill til kr.400.000 for 2011. Rammetilskotet er utrekna vha. prognosemodellen, og er i samsvar med dei føresetningane som er gitt frå sentralt hald.

Note 3 - Utbytte

Utbytte gjeld renter av bankinnskot og aksjeutbytte frå Haugaland Kraft.

Note 4. - Bundne avsetningar og bruk av desse

Der er ikkje avsett til bundne fond i perioden og heller ikkje bruk av desse. I løpet av budsjettåret kan det vera aktuelt å bruke bunde fond til utlån av husbankmidler/etableringslån og ein vil då foreta nødvendige budsjettendringar.

Oversikt fond pr. Okt 2010.

BD. BUSTADTILSK. TIL	-55 000
DB. NÆRING (KOMP.ARB)	-67 825
BD. BUSTADTILSK. TIL	-90 552
BD BOKN BYGDAMUSEUM	-35 455
BD TAP PÅ ETABLERING	-48 000
BD STARTLÅN	-412 930
BD VILTFOND	-24 100
KAIA LARSEN KRO LEGAT	-66 736
BD HAUGALANDRÅDET	-2 435 725
BD Tåganer kai	-60 000
BD Båttforeninga	3 857
BD TILTAKSPAKKE TEKNISK	-168 629
BD TILTAKSPAKKE SKULE	-143 544
Sum bundne fond	-3 604 640
UK KAPITALFOND	-2 774 630
MIDL.LÅN AV KAPITAL FOND 25399	1 936 611
UK SMÅBÅTHAVN HÅLANDSJØEN	-177 850
UK KYRKJEBYGD	-91 177
UK-UV-ANLEGG	-710 000
UK UTEOMRÅDEPLAN FØRESVIK	-30 732
UK VEGKRYSS JØSANG	-4 908
UK PCB	-53 566
UK KJEKT PÅ BOKN	-245 930
UK KJØP AV GRUNN (BUD 08)	-250 000
UK UTVIDA BARNEHAGEKAP	-95 231
UK UTEOMR. FØRESVIK (ANSV. 600	-68 290
LÅNEAVDRAGSFOND	-94 455
Sum kapitalfond	-2 660 156
DISPOSISJONSFOND	-7 253 278
DF EDRUSKAP	-13 207
DF SJUKE/KOMPETANSEUTVIKLING	-85 525
DF NÆRINGSUTVIKLING	-7 316
DF NYDYRKING	-14 977
DF KULTURPRIS	-4 363
DF BYGDABOKFOND	-536 842
DF KOSTRA/WEB SAK	-200 000
DF - MUSEUM	-30 000
DF - AKUB	-56 000
DF PROFIL	-56 775
DF STARTLÅN	-90 506
DF KJEKT PÅ BOKN	-1 847 296

DF-PRIV.VANNVERK	-50 000
DF-VEDL.H.BYGG/vei (6031)	-139 380
DF Seniorpol.tiltak	-142 807
DF - tilskot skytebane	-22 500
DF LEIKEPLASSER	-18 818
DF STAT.TILTAKSPK TEKN	-135 920
DF STAT TILTAKSPK HELSE	-30 080
DF-Økonomi/Unique	-70 000
DF innbu Boknatun	-40 000
DF TEKN.TILTAK 2009 -REST	-515 000
Sum disposisjonsfond	-11 360 590

Rammeområde 1 – Sentraladministrasjonen

Rammeområdet omfattar utgifter til politisk styring og kontroll, administrasjon og næring. I tillegg har sentraladministrasjonen innkjøp og koordinering av ein del varer og tenestar som vert fordelt på dei ulike tenestane etter forbruk. Frå og med 2006 til og med 2010 har Bokn også fått rekneskapsføringa for Haugalandrådet, men dette opphøyrer i 2011.

Teneste 1000 Politisk styring og kontrollorganer

Kostnadene som er knytta til denne tenesta er godtgjering til folkevalde, utgifter til val, partistøtte, medlemsskap i politiske foreningar, annonsering, saksdokument og revisjon. I tillegg er her også lagt inn kr1.000.000,- i "reserverte løyvingar" som kan nyttast til ekstraordinære utgifter som kan koma i budsjettåret.

Kostra nøkkeltal rekneskap 2006-2009

	Bokn	Bokn	Bokn	Bokn	Rogaland gj.snitt	Gruppe 06
	2006	2007	2008	2009	2009	2009
Brutto driftsutgifter til politisk styring og kontroll (funksjon 100) i kr. pr. innb.	1941	1663	1985	2755	374	1400

Utgiftene til politisk styring og kontroll ligg høgare enn andre kommunar som vi vert samanlikna med (gruppe 6), men årsaken er at vi har færre innbyggjarar å fordele kostnadene på i tillegg til at vi har hatt auka politisk aktivitet i prosjektet "kjekt på Bokn."

Teneste 1200 – 1203 Administrasjon

Tenesta skal omfatta alle administrasjonsutgifter som ikkje direkte kan relaterast til andre tenestar og som er felles for heile kommunen, dvs. rådmann samt alle fellesfunksjonane slik som økonomi, personal, It og servicetorg.

Kostra nøkkeltal 2006-2009

	Bokn	Bokn	Bokn	Bokn	Rogaland gj.snitt	Gruppe 06
	2006	2007	2008	2009	2009	2009
Brutto driftsutgifter til administrasjon (funksjon 120) i kr. pr. innb.	3716	3866	4076	4532	2619	7979

Kostra nøkkeltala viser at kommunen sine utgifter til administrasjon pr innbyggjar. Fortsatt er utgiftene høgare enn gjennomsnitt for Rogaland, men vesentleg lågare enn for kommunegrupp 06 som Bokn blir samanlikna med. Utgiftene til administrasjon fordelt pr. innbyggjar vil alltid bli høge i kommunar på Bokn sin storleik, samanlikna med større kommunar. Desse faktatala må ein sjå i forhold til kva som er definert som administrasjon i kvar kommune, og i små kommunar utfører tilsette i administrasjonen mange oppgåver for tenesteområdene. Desse oppgåvene er det vanskeleg å talfeste nøyaktig.

Årsverka i administrasjonen er 5,95 og i tillegg kjøper ein tenester frå SR bank med ca 50% stilling. 20% av datastillinga vert solgt til Utsira og resten av stillingane i

sentraladministrasjonen (5,75%) vert brukt til skatt (60%), fellestenester, sekretærfunksjon for politiske utval og administrasjon.

Til sentraladministrasjonen ligg fylgjande oppgåver:

- Politisk sekretariat for kommunestyre, formannskap og forvaltningsstyre
- Leiing av kommunen, samordning av kommunale tenestar, intern og ekstern informasjon, overordna arbeid med lover/rutiner/reglementer og planar etc.
- Budsjett, lønsarbeid, rekneskap, fakturering og skatteinnkrevjing
- Sentralbord, postbehandling, arkivering, kundemottak
- Utvikling og drift av datanettet, sikring av data etc.
- Interkommunalt samarbeid
- Næringsarbeid

Servicetorget

Samarbeidet med SR-bank har ikkje fungert så godt som ein forventa. Utsifting av personalet og utstrakt bruk av innleigde vikarar dei siste åra har ført til at fordeling av arbeidsoppgåver til tider vert reversert. Kundemottak, sentralbord, diverse forefallande kontorarbeid og generell informasjon skal i stor grad utførast av tilsette i SR-bank. Målet var at dei tilsette i servicetorget skulle ha mulighet til større fokus på interne tenester slik som postbehandling, arkiv, arbeid med tilrettelegging av politiske møter og møtepapirer, etc. Servicetorget har elles ansvaret for felles innkjøp av kontormateriell, o.l. Servicetorget skal i tillegg utføre oppgåver for seksjonane, og vert ved behov involvert i enkeltsaker f.eks gjeldsrådgivning. Bustøtte er også ein oppgåve som vert utført av servicetorget og som legg beslag på min. 1 dagsverk pr. måned.

I samsvar med IKT planen skulle ein oppgradere dataprogrammet for saksbehandling og forbetre / etablere gode IKT rutinar. For 2010 vert IKT rutinar og sikkerheit eit prioritert område og ein må drøfte med SR bank korleis ein kan få større stabilitet i bemanninga og få nytta den ressursen som kommunen har tilgjengelig gjennom avtalen.

Førstelinetenester for Haugaland likningskontor retta mot innbyggerar i Bokn vert etter avtale utført av servicetorget. Aktiviteten er størst på dette området i den perioden kor sjølvmeldinga skal leverast inn, når skatteoppgjeret vert utsendt og når nye skattekort vert utsendt.

IT ;

Totalt har kommunen nå ca. 200 pc'ar fordelt på brukarar i administrasjonen og seksjonane. Mange av desse maskinane er knytt til skulen. I tillegg har vi 8 servere med ulike program og databaseprogram som skal haldast oppdatert. Den kommunale verksemda i dag er heilt avhengig av eit godt fungerande ikt-system, med nettverksforbindelse både internt og eksternt.

Med bakgrunn i "eKommune 2012" og lokale utfordringar/problem vart det hausten 2009 vedtatt ein strategisk IKT plan for Bokn kommune, og handlingsplanen vart vedtatt våren 2010.

Planen omfatta nye tiltak både på investering og drift for alle seksjonane, og økonomisjefen har koordinert arbeidet. Ei prosjektgruppe med representasjon frå alle seksjonane har hatt jevnlege møter og samordna, prioritert og fulgt opp framdrift og status for dei enkelte tiltaka.

Ikt budsjett 2010 – 2013:

Behov - begrunning		2010	2011	2012	2013
Investeringer					
Ny kommunikasjonslinje 25Mb	☺	200 000			
Integrasjon Websak/Personal		30 000			
Webportal adm.systemer		90 000			
Efaktura kunder/leverandører		40 000			
Skuleadministrativt system/Feide	☹	100 000			
Programvare teknisk	☹	180 000			
Oppgradering Websak		50 000			
E-kommune / MinSide		100 000			
Sum investering		790 000			

Drift					
Drift 25MB	☺	50 000	50 000	50 000	50 000
Utskifting server (leasing)	☺	70 000	70 000	70 000	70 000
Utskifting Skuleserver	☺*			70 000	
Auka lisensar/ vedlikehald/drift:					
drift program teknisk	☺	49 500	49 500	49 500	49 500
skuleadm.system	☺	15 000	30 000	30 000	30 000
nye lisensar skulen	☺	20 000	30 000	30 000	30 000
Programvarer adm/felles/div.		50 000	50 000	50 000	50 000
Programvarer legekantor	☹	10 000	10 000	10 000	10 000
Programvare pleie/omsorg		65 000	15 000	15 000	15 000
Opplæring / konsulentbistand		30 000	15 000	10 000	10 000
Utskifting av lærarPC leas.4.år	☺	44 300	53 100	53 100	53 100
utsk.tynne klienter skule leasing 5 år	☺	25 000	37 500	37 500	37 500
Bærbare elevsett -vurderes senere					
Bærbare til elevar 8-10kl. (leasing)	☺	22 400	60 700	99 100	99 100
Headset	☺	8 400	1 600	1 600	
utskifting tynne klienter andre		11 100	3 700	0	7 400
Stasjonære pc andre		0	32 500	21 600	0
Bærbare pc andre		0	6 800	0	13 600
Microsoft Office 2010 (anslag)			200 000		
Uføresette kostnader ca 10%					
		470 700	715 400	597 800	525 200

Symbolforklaring:

- ☺ Utført ihht IKT handlingsplan
- ☹ Delvis utført og/eller problem med utføringa.

Dei planlagte tiltaka i planen som ikkje er utført skuldast ikkje manglande behov, men fordi ein må ta ting etter kvarandre pga personressurser og for at vi ynskjer å gjera ferdig eit tiltak før ein startar på eit nytt for å unngå at innstallasjonane kjem i konflikt med kvarandre.

3 av prosjekta er ikkje heilt ferdige ennå:

Ny programvare på legekontor, kor det har vore mykje kluss med overføring av data og fleire utsettelse pga dette. Feil i informasjon frå ein leverandør, samt diverse tekniske problem i tillegg har ført til at kostnadene har blitt ein del høgare enn budsjettert.

Skuleadministrativt program er innstallert og i drift utan problem, men er pt. ikkje knytta seg opp mot portalen Feide. Dette vil truleg bli ordna ved årskiftet.

Avtalen mellom teknisk i Tysvær/Bokn om fagprogram på felles server i Tysvær har ført til driftsproblem. Konvertering av data vart gjort våren 2010 og programma vart innstallert i juli. Framdriftsplanen var at Bokn skulle utføre nødvendige rettingar og korrigeringar ihht Matrikkel, og kjøra fakturering av kommunale avgifter via KOMTEK i september. Men, på tross av utallige purringar har vi i skrivande stund fortsatt ikkje tilgang på vår eigen database i Tysvær. Resultatet er at rekningane for kommunale avgifter hausten 2010 vert betydeleg forsinka og sidan vi ikkje får noko tilbakemelding om når vi får tilgang til systema våre må vi fakturere på gamle måten. Dette vil bety at vi i ettertid må bruke ein del ressurser på enten å konvertere heile databasen på ny eller oppdatere databasen manuelt. Ut frå denne dårlege erfaringa så langt vurderer vi å flytte databasen til Bokn.

Utskifting av elevserver var i handlingsplanen sett til 2012. Utover våren 2010 fekk skulen stadig oftare problem med serveren og det viste seg at det var for mange elevar tilknytta serveren slik at denne "låste" seg stadig oftare. Då vi kjøpte serveren fekk til informasjon frå leverandøren om at det var enkelt å få til ei utviding av serverkapasiteten mhp antall brukere, men det gjekk dessverre ikkje. Einaste alternativet var då å kjøpe ny server og prosjektgruppa omdisponerte budsjettmidlene. Kosnaden til ny elevserver kr. 70.000,- er difor tatt inn i IKT planen for 2011.

Handlingsplanen for 2011 er ei videreføring av dei nye tiltaka som vart vedtatt i handlingsplanen for IKT. Det vert ei utgiftsauke i 2011 som i hovudsak skuldast den store utgifta på kr. 200.000,- er nye Microsoft lisensar. Dette er ei utgift som er vanskeleg å berekna. Vår leverandør av lkt utstyr og drift har starta arbeidet med å kartlegge vårt lisensbehov. Kommunen har kalkulert at det er dyrare å ha ein avtale med Microsoft om vedlikehald og oppgradering enn å nye kjøpe lisensar når det er behov.

Eit anna nytt tiltak er flytting av bibliotekserver frå Tysvær og direkte til Bibiloteksystemer i Larvik. Kostnad kr. 6.400,-. I 1999 var kvaliteten på telelinjene så dårleg at ein ikkje turde tilby kjøring av data frå Rogaland til Larvik. Difor gjekk kommunanen på Haugalandet saman om å kjøre dette på server i Tysvær. Mykje har skjedd med Internett og linjekvalitet sidan da og dei siste åra har alle andre kommunar gått over til å kjøre direkte til Larvik fordi drifta via Tysvær har blitt stadig meir ustabil.

Alle tiltaka som var budsjettert i 2010 men som ikkje er gjennomførte vil videreførast i 2011. Dette omfattar bl.a. nye program i teknisk for plan og VA, oppgradering av program for pleie- og omsorg, oppdatering av programvare i administrasjonen og integrasjon mellom desse ulike programma. Ubrukte midler i 2010 vil bli overført til disposisjonsfond for IKT.

Kostnadene som er lagt inn i IKT planen for 2011 utover handlingsplanen er;

- Ny backup server kr. 70.000,-
- Flytting av Bibliofil program kr. 6.400,-

Økonomiavdelinga

har i budsjettet prisjustert kostnadsnivå frå 2010

Hovudoppgåvene i avdelinga er skatt, rekneskapsføring, løn, fakturering, budsjett, innkjøpsavtalar, personalpolitikk og HMS. I tillegg har økonomiavdelinga rekneskapet for Haugalandrådet. Avdelinga har det overordna ansvar for at sentrale lovar og reglar innan rekneskap/økonomiforvaltning og løn/arbeidsforhold/HMS vert ivarettatt, og utarbeide/revidere lokale reglement og retningslinjer innafor desse områdene. Utover dei faste oppgåvene har avdelinga fokus på å gi service til seksjonane og hjelpe til med rapporteringar, statistikkar, berekningar etc. der det er behov.

I 2011 vil avdelinga vidareføre det overordna ansvaret for handlingsplan for IKT og den vidare utviklinga innan dette området. Avdelinga har ansvaret for dei fleste av dei sentrale dataprogramma som er i bruk og har sentrale databasar som skal samhandle med andre fagprogram. I samarbeid med seksjonane vil utfordringa vera å innføre og integrere nyttige IKT-verktøy med gode og sikre rutiner, og som fører til effektiv bruk av ressurser.

Bokn kommune var ein av pilotkommunane då vi starta 4K-samarbeidet for 10 år sidan. Dette samarbeidet fungerer fortsatt godt og gir oss gevinstar ved innføring av nye program og opplæring. Felles databasar og felles opplæring kan i mange tilfeller redusera kostnadene pr. kommune med over 50%, og dette vil ein i størst mogeleg grad dra nytte av i tida framover.

Samarbeid med andre kommunar er også viktig innafor fagområdene økonomi og lønn/personal. Små og mellomstore kommunar har normalt enkeltpersonar i desse funksjonane og manglar fagmiljø i eigen kommune. Dei samarbeida vi har er tenelege for kommunen, bl.a. innkjøpssamarbeidet, interkommunal revisjon og arbeidsgivarkontroll. Kommunane på Haugalandet og i Rogaland har også brukarforum for Unique program, kor fokus er å dele kunnskap. I tillegg har økonomisjefane eit tett samarbeid, og dette gir eit godt fagmiljø som sikrar at kvaliteten i økonomiarbeidet i kommunane er god og samordna i Haugalandskommunane. Personalansvarlege i dei små og mellomstore kommunane i distriktet har også eit nært fagleg samarbeid.

Unique sine løn-, faktura og økonomiprogram har vore eit driftsikkert verktøy som har god funksjonalitet. Drifta av programma inkl. server er lokalisert til Sykkylven kor vi i 4K (Bokn, Finnøy, Forsand og Utsira) har driftsavtale med eit lokalt firma ut 2010. 4K samarbeidet har hausten 2010 startet en ny anbudsrunde på driftsløysing. Vi vonar at vi også i framtida vil oppnå dei gode erfaringane vi har med ekstern drift, nær 100% oppetid, god teknisk kompetanse og service.

Nytt program for skatterekneskapet vart innført i 2008. Det er ikkje nye endringar i denne drifta.

Utgiftene til vedlikehald og driftsavtalar for dei dataprogramma vi har innan økonomi, fakturering, fakturascanning, lønn/personal og skatt er budsjettert til kr. 320.000. Innafor personaltenesten har vi som tidlegare budsjettert med utgifter til gratiale, HMS arbeid og velferdstilbod til dei tilsette og kostnadene til Haugaland HMS senter. I tillegg har vi budsjettert med kr. 160.000,./år for seniorpolitiske tiltak ihht, vedtatt plan for seniorpolitikk.

Kommunen var i 2009-2010 med i eit rekrutteringsprosjekt i regi av Haugaland Vekst. Prosjektet vert vidareført som rekruttering- og omdømmeprosjekt, og kommunane vilk framleis samarbeida med HSH om å utvikle videreutdanning for kommunalt tilsette.

I tariffoppgjeret for 2008 vart det vedtatt at alle kommunar skulle gjennomføre kompetansekartlegging innan april 09. Bokn har manuell oversikt over den formelle kompetansen hjå dei tilsette, men det er vanskelegare finne objektive og målbare kriterier for å vekte det ein kallar realkompetanse. Realkompetanse er all den kompetansen ein person har skaffa seg gjennom ansvar og arbeidsoppgåver i lønna eller ulønna arbeid, opplæring, utdanning, organisasjonserfaring eller på annan måte. Inntil vidare er det ingen klare retningslinjer eller metodar ein skal bruke til dette.

Kartlegginga av formell- og realkompetanse skal vera eit verktøy for fastsetting av løn, kor ein med utgangspunkt i formell utdanning skal gi uttelling for realkompetanse. I praksis har vi gjort dette i Bokn i mange år. Vi har ein del stillingar som er lønna betydeleg høgare enn sitt formelle kompetansenivå og årsaken til dette er at dei har tilegna seg lærdom og kunnskap. Denne realkompetansen samt ei vurdering av arbeidsoppgåvene sin art og ansvar har danna grunnlaget for personleg avlønning i desse stillingane.

Den manuelle oversikten (på diverse excel ark) er også eit dårleg verktøy og det er difor eit mål å få etablert ein web-basert kompetansemodul knytta til personalprogrammet kor den enkelte sjølv skal kontrollere og oppdatere sin kompetanse etter fastsette retningslinjer. Kompetansekartlegginga skal ikkje berre vera knytta til løn, men også vera eit verktøy for leiinga til å kartlegge kor ein manglar nødvendig kompetanse og planlegge opplæringstiltak. Seksjonane har starta arbeidet med denne kompetanseplanen og i budsjettet ligg kr.400.000 til nødvendige opplæringstiltak.

HMS

I budsjettet for 2010 har vi videreført same drift som tidlegare. Sentraladministrasjonen har ansvar for at det vert gjennomført arbeids-helse undersøking ihht lovverket, og at det vert gitt nødvendig opplæring i HMS arbeid for leiarar, tillitsvalgte og verneombud. Kommunen har eit samarbeid med Haugaland HMS senter. Den enkelte seksjon har budsjettert inn konkrete HMS tiltak etter behov.

Etter at AMU utvalet ikkje hadde aktivitet i 2009 har ein i 2010 fått dette i drift igjen. For 2011 vil utvalet etter planen ha 4 møter og fokuset er å få opp aktiviteten på alle områder som gjeld helse, arbeidsmiljø og sikkerhet. Kommunen har utarbeidd mange gode rutiner og retningslinjer for dette arbeidet, men i praksis har vi dessverre ikkje vore gode på gjennomføringa.

Teneste 1300 Administrasjonslokaler

Boknatun er nå 100% eigd av kommunen og vi leiger ut lokalene til SR-bank, NAV, fysioterapeut, fortterapeut og frisør. Fylkestannklinikken har ingen leigeavtale, men har gratis bruk av lokala.

Utgiftene på teneste 1300 er ca 30% av kostnadene for vaktmestertenesta, reinhald, straum, vedlikehald o.a. liknande kostnader som gjeld Boknatun. Sidan Boknatun er eit kombinasjonsbygg har vi anslått at ca 30% er den andelen av bygget som vert brukt til administrasjonsbygg inkl. utleigelokaler.

Slitasjen på bygg og innbu har begynt å visa seg. Dei gamle møblene frå den tid Boknatun vart bygd har byrja å bli "skranglete" og modne for utskifting. Hausten 2010 vart gangen og møterommet nede i 1. etg pussa opp på dugnad av ein del tilsette. Det vart også kjøpt inn nytt bord og stolar til møterommet. I budsjettet for åra framover er det lagt inn kr. 40.000 pr. år for vidare utskifting. I neste omgang planlegg ein å skifte ut bordene på allrommet.

Teneste 1800 Diverse fellestenestar

Tenesta inneheld utgifter til forsyningsnemnda, sivilforsvaret, eldreråd og forliksrådet. Her budsjetterer vi også pensjonsavvik, denne er lagt inn på same nivå som tidlegare med 500.000. Dei øvrige tenestane er også budsjettert med same prisjusterte nivå som i 2009.

Teneste 3250 Tilrettelegging og bistand til næringslivet

Bokn kommune har eit sterkt fokus på næringsutvikling både lokalt og regionalt. Kommunen ser det som viktig at det både blir skapt arbeidsplassar lokalt i kommunen og regionalt i det felles busetting- og arbeidsmarknaden vi har i Haugesundregionen. Ein ser nær samanheng mellom etablering av lokale arbeidsplassar - i eller innan kort reiseavstand til kommunen - og økt busetting og vekst i kommunen. Etter at selskapsskatten no inngår som samla skatt for staten for deretter bli fordelt på samtlege kommunar, har det ikkje lenger like stor betydning for den enkelte kommune kva side av kommunegrensa bedriftene er etablert. Dette gjer at det vil vere lettare for kommunane å samarbeida om regionale nyetableringar.

Bokn kommune fekk i 2009 eit tilskott på kr. 200.000,- til næringsfond. Dette blei vidareført i 2010 – med same beløp som i 2009. Sjølv om beløpa som vert tildelt frå fondet er små synes de å bli sett stor pris på av bedriftene. Ein gjer rekning med at kommunen vil få eit tilsvarende beløp i 2011 som i 2010.

Ein har lagt fylgjande hovudmålsetting til grunn for det vidare næringsutviklingsarbeidet:

”Næringsutviklingsarbeidet i Bokn skal leggja til rette for å bevare og å vidareutvikla eksisterande næringsliv og leggja til rette for nye næringsetableringar i kommunen.

Bokn vil spela ein aktiv rolle i regionalt næringsarbeid gjennom deltaking i Haugaland Vekst IKS, Haugaland Kraft a.s og Destinasjon Haugesund og Haugalandet.”

Utgiftene til næringsarbeidet ligg i budsjettframlegget for 2011 på same nivå som i 2010. Som tidlegare er det sett av midlar til Bokn Næringsforum, Destinasjon Haugesund og Haugalandet.

Bokn sitt næringsapparat er Haugaland Vekst IKS, som er eit felles næringssselskap for Haugesund, Tysvær, Utsira og Bokn. I tillegg er Rogaland Fylkeskommune medeigar i selskapet. Årlege betaler Bokn kr. 200.000,- for Haugaland Vekst sine tenester. Haugaland Vekst IKS har eit styre beståande av 2 personar frå kvar av eigarkommunane og fylkeskommunen. Haugaland Vekst har den daglege oppfylginga av bedrifter og næringsliv i kommunen og er kommunen sin saksbehandlar i nærings saker. Frå 2011 faller Haugaland Vekst sin funksjon som sekretariat for Haugalandrådet bort.

Hovudarbeidet til Haugaland Vekst IKS i 2010 har vore utarbeiding av næringsplanar for eigarkommunane. Ein gjer rekning med at næringsplanane vil bli endeleg behandla i formannskap/kommunestyre i løpet av 2011.

Arbeidet med T-forbindelsen til Karmøy er no starta opp og skal stå ferdig i 2013. Ein håper dette vil slå positivt ut i forhold til etablering av nye verksemder i Bokn kommune. Det har i alle fall vore ei markert auke i interessa for Bokn som alternativ lokalisering for nye verksemder i 2010.

Bokn ligg sentralt i forhold til dei store næringsparkane som blir bygd ut både på Gismarvik og på Karmøy. Ein trur dette vil kunne skapa positive ringverknader både når det gjeld etterspurnad etter bustad- og næringstomter i Bokn.

Bokn kommunen deltar i det vidare arbeidet med planlegging av Rogfast både politisk og administrativt.

Teneste 3251 Landbruk

Revidert avtale med Tysvær om felles landbrukskontor gjer at kostnadene veks til ca. kr. 280.000,- . Dette er i tråd med det som Bokn kommune får overført i rammetilskottet til drift av eit landbrukskontor.

Det er som tidlegare sett av kr. 10.000,- til Forsøksringen og kr. 100.000,- til diverse tilskottsordningar.

Teneste 3900, 3930 Den norske kyrkja og kyrkjegard

Dei statlege overføringane til kyrkja er gradvis redusert dei siste åra, og i 2009 vart det slutt. Sidan kommunane har det økonomiske ansvaret for at kyrkja har nødvendige driftsmidler, har det kommunale tilskotet auka tilsvarande. Overføringa på kr.744.600 i budsjettet for 2011 er på same nivå som i 2010, dvs. prisjustert med deflator på 3,1%. For drift av kyrkjegarden er det budsjettert med kr. 91.100.

Av denne overføringa vert kr. 89.700,- ført tilbake til kommunen som refusjon for administrative og tekniske tenester bl.a. kjøring av løn, føring av rekneskap, telefon, klipp og vedlikehald av kyrkjegard etc. Netto overføring totalt til kyrkja er auka frå kr. 723.200 til kr. 746.000.

I tillegg til det ordinære tilskotet til drift av kyrkje og kyrkjegard var det i budsjettet for 2005 – 2009 lagt inn kr. 100.000,- i årlege tilskot, slik at ein kunne utføre ein del nødvendig vedlikehald og lignande på kyrkja. Planen for vedlikehald er ikkje gjennomført og kyrkja har nå over 200.000 på eit vedlikehaldsfond. Ytterlegare tilskot er difor ikkje lagt inn i budsjettet og ein har bedt om at kyrkja legg fram ein revidert plan for vedlikehaldet.

Diverse andre tenester.

Rammeområdet har også ansvar for innkjøp av varer og tenester som vert fordelt på alle andre tenester. Utgiftene gjeld bl.a. telefon, rekvisita, data, forsikring og liknande. Totalt utgjer dette i overkant av 4.mill. av rammeområdet sitt budsjett.

Rammeområde 2 - Seksjon kultur, skule og barnehage

Seksjonen omfattar:

Kultur, kunstformidling, barne og ungdomsarbeid, idrett og friluftsliv, museum, bibliotek, musikk og kulturskule, barnehage, grunnskule, vaksenopplæring etter opplæringslova, pedagogisk psykologisk teneste (Tysvær PPT i Aksdal), Bygdabladet for Bokn, og prosjektet "Kjekt på Bokn - Ta naturen i bruk".

Netto budsjetttramme.

Netto driftsramme for 2011 er på 20.156.000. (Brutto 24.941.000)
Då har rådmannen lagt til 20.000 i auka driftsmiddel til Petra, 70.000 til logopedavtale, 300.000 til ny PPT-avtale, generell kostnadsauke på 2,8% og korrigert for endringa i inntektsystemet med 3.880.000 for bortfall av statleg driftstilskott til barnehage, og 200.000 for bortfall av statleg særtilskott for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage.

Hovudprioriteringar

Barnehagen:

Rådmannen har lagt budsjettet litt under 2010-nivået. Det er ikkje venta vekst i talet på barn i barnehagen i 2011 og 2012.

Skulen:

Rådmannen har lagt inn ein auke i nettobudsjettet på 200.000. Aktiviteten blir likevel redusert sidan det er forventa ein inntektsreduksjon på ca 600.000. Budsjettet har rom for 25,1 årsverk mens behovet dette skuleåret er 26,4 årsverk, Differansen tilsvarar 330.000 for vårhalvåret.

Kultur:

Rådmannen har ikkje styrka kulturdelen av budsjettet nemnande, men skulle gjerne ha funne rom for auka aktivitet i musikkskulen og biblioteket.

Kompetanseoppbygging:

Det er budsjettet med ei forsiktig auke innan kompetansebygging utan at nivået er tilstrekkeleg når ein ser på behovet etter opplæringsplanen og kvalitetskrava i skule og barnehage. Reinhold, SFO og kulturskulen har snaut 1.000 per tilsett, barnehagen 1.500 - 2.000, skulen 2.000 - 3.000, kultur og bibliotek 4 - 5.000.

Eigenbetaling:

Rådmannen har ikkje framlegg om endringar i betalingssatsane for Bygdebladet, i barnehagen, musikkskulen eller SFO

Kapasitetsauke:

Det bør startast planlegging av utbygging av barnehagen og skulen i 2011. Det bør vere byggestart i årsskiftet 2011-12 med ferdigstilling sommaren 2012.

Sjukefråver:

Sjukefråveret i første halvår 2010 var 11% innan reinhold og blant lærarar, miljøterapeutar og elevassistentar i skulen, 7% i barnehagen og 5% innan kultursektoren. I andre halvår er det så langt noko lågare. Om lag halvparten av fråveret synest vere relatert til arbeidet, enten på grunn av fysiske belastningar eller psykiske.

Når det gjeld skulen meiner seksjonssjefen noko kan vere eit resultat av auka kvalitetskrav frå departement og lovgjevarar, måten desse krava er kommunisert av seksjonssjef, og for lite opplæring og tid til å tilpasse seg det nye.

Når det gjeld barnehagen er sannsynlegvis problemet meir dei fysiske sidene ved arbeidet. Det same gjeld reinhald.

Bedriftshelsetenesta blir brukt, det er i gong arbeid med å oppfylle krav frå arbeidstilsynet, og rådmannen har prioritert å auke i kursmidlane, slik at kurs og samlingar med fokus på helse-, arbeidsmiljø og nye kvalitetskrav i arbeidet, kan gjennomførast.

Opplæringsplan:

Opplæringsplanen for seksjonen vil bli justert slik at fysiske belastningar, hjelpemiddel og arbeidsvanar m.v. blir prioritert. Det same gjeld nye kvalitetskrav i arbeidet og det psykososiale arbeidsmiljøet. Det vil bli gjennomført undersøkingar for å kartlegge eventuelle problemområde.

Samanlikning med andre små kommunar og med Rogaland gjennom tal frå KOSTRA

Kultur	Bokn	Bokn	Bokn	Små kom.	Rogaland
	2007	2008	2009	2009	2009
Netto driftsutgifter til kultur per innbyggjar i kroner	1688	2847	3037	2398	2020
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbyggjar	441	568	443	456	243
Bokutlån frå folkebiblioteket per innbyggjar i alt	11,9	13,1	11,9	4,2	4,3
Netto driftsutgifter til musikk og kulturskular per innbyggjar	320	446	326	488	277
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod til barn og unge per innbyggjar	205	499	776	208	211
Netto driftsutgifter til idrett per innbyggjar	13	33	226	177	257

Grunnskulen, voksenopplæring og skulefritidsordning	Bokn	Bokn	Bokn	Små kom.	Rogaland
	2007	2008	2009	2009	2009
Gj.sn. gr.storleik 1. – 7.	11,8	9,1	9,1	8,3	13,2
Gj.sn. gr.storleik 8. – 10.	10,7	7,2	5,6	9,2	14,2
Netto driftsutgifter per elev til:					
Netto driftsutgifter per elev til:					
Grunnskuleundervisning			104.828	121.329	79.269
Skulelokaler og skyss			18.391	26.544	12.707
SFO			5.104	6.693	3.565
Andel elevar i SFO (%)			58,3	44,3	55,1

Barnehagen	Bokn	Bokn	Bokn	Små kom.	Roga land
	2007	2008	2009	2009	2009
Netto driftsutgifter til barnehagen per innbyggjar	1135	1243	1045	1454	1194
Andel barn 1-2 år i komm.l barnehage i forhold til innbyggjarar 1-2 år	45,0	85,0	66,7	77,2	74,9
Andel barn 3-5 år i komm.l barnehage i forhold til innbyggjarar 3-5 år	85,0	97,2	97,0	96,7	95,6

Teneste 2010 Barnehage

For 2010 budsjetterte barnehagen med 3.880.000 i øymerka statlege driftstilskott. Ordninga med øymerka statlege driftstilskott fell no bort, og barnehagen blir frå og med 2011 finansiert gjennom rammetilskottet til kommunane. Netto budsjett for 2010 var på 344.000, mens det for 2011 er på 4.196.000. Med uendra tilskottsordning ville netto budsjettramme vore 316.000.

Stillingsramme

Barnehagen har til no hatt inntekter frå staten som varierte i takt med kor mange barn det var i barnehagen. Det er det som nemnt slutt på frå 2011. Barnehagen treng av den grunn eit stillingsvedtak som sikrar tilstrekkeleg bemanning i takt med endring i talet barn.

Etter forskriftene til barnehagelova skal det være minimum éin pedagogisk leiar per 14-18 barn når barna er over tre år og éin pedagogisk leiar per 7-9 barn når barna er under tre år og barnas daglege opphaldstid er over seks timar.

Med ca 60 plassar må barnehagen ha ei fast bemanning på 11 årsverk. Med ca 66 plassar blir det 12 årsverk osb.

Budsjettframlegget har rom for 10,0 stillingar. Rådmannen har ikkje funne rom i budsjettet for den 11. stillinga, men vil ta det opp som eiga sak dersom søkjartala gjer det aktuelt.

Rådmannen vil rå til følgjande stillingsvedtak:

Grunnbemanninga i barnehagen er for tida 11 årsverk fordelt på 1 styrar, 4 pedagogiske leiarar og 6 fagarbeidarar. Dersom plasstalet som blir brukt passerer 60 blir stillingstalet auka slik at ved 66 plassar er det 12 heile årsverk osb.

Det er ein føresetnad for å kunne ta stillingane i bruk at der er budsjettdekning.

Full barnehagedekning - behov for utbygging

Kommunen har hatt full barnehagedekning i 2010. Rådmannen kan ikkje garantere full barnehagedekning i 2011, men det ser lyst ut dersom våre tal er rette: I 2011 går 8 born over til skulen, og av dei 15 som ikkje har barnehageplass, og dermed er potensielle søkjarar, er det venta at ca 4 søkjer. Det vil også vere mogleg å seie nei til søkjarar som ikkje bur i kommunen. For tida gjeld det 2 plassar.

I 2012 er det 15 barn som går over til skulen, slik at det er llite sannsynleg med vekst i barnehagen før etter 2012. Ein bør likevel snarast bygge ut barnehagen, både med tanke på auke etter 2012, men også av omsyn til situasjonen i dag. Lokala er tronge.

HMS-tiltak.

Det kjem eiga sak med orientering om godkjeningsprosess og tilsyn.

Nytt leikeapparat m.v.

Barnehagen har dei siste åra fått 30.000 ekstra til nytt leikeapparat ute. Det er framleis god plass og behov for meir som aktiviserer, men rådmannen har ikkje funne rom for nye 30.000 i 2011. Det er meldt behov for diverse anna utstyr.

Teneste 2020, 2150, 2130, 2110. Skulen med SFO, vaksenopplæring og spesialtiltak i barnehagen.

Netto budsjett for 2010 for dei 4 tenestene var 11.131.000, mens det for 2011 er på 12.152.000. (300.000 av dette er auka PPT-kostnad og 200.000 bortfall av særtilskott til tiltak for barn i barnehage med nedsett funksjonsevne)

Det er venta ei inntektssvikt på 300.000. Aktiviteten er tilsvarande redusert.

Stillingsramme

Stillingsramma omfattar grunnskule, SFO, vaksenopplæring og ulike styrkingstiltak for barn i barnehage.

Skulen har dei siste 13 åra ikkje hatt eit eintydig stillingsvedtak. I staden har ein ved starten av nytt skuleår i august søkt å tilpasse talet på stillingar til budsjettet og dei oppgåver som skal løysast.

Er det til dømes auka behov for spesialundervisning, blir klassar slått meir saman for å frigjere stillingar til spesialundervisning. Og har det vore oppgåver i vårhalvåret som har kravd ekstra ressursar, blir det tilsvarande innstramming i hausthalvåret, gjerne det også tatt på klassesdelinga.

Dette var ei grei ordning så lenge dei fleste klassane var svært små. Det er ikkje ei grei ordning no når klassane ligg over "fådeltgrensa". Elevtalet har i denne perioden auka med meir enn 30% til 131 og klassane er rett og slett blitt for store til at det er særleg smart å prøve å drive "delvis fådelt skule".

Nytt er også større innflytting til kommunen. I løpet av første halvår i 2010 fekk til dømes barnehagen 8 nye barn som flytta til kommunen, og skulen fekk 6 tilflytta elevar. Av desse 14 har 6 anna morsmål enn norsk og fleire har diagnosar som krev ressursar. Dette har ført til eit auka stillingsbehov i 2010 på ca 2 årsverk. Fleire av desse får for tida ikkje den hjelpa dei har krav på etter lova. Det har vore uråd å løyse så mange og store nye oppgåver bare ved å omdisponere.

Rådmannen meiner det er på tide å gå over til å fastsette eit stillingstal, men ein må i tillegg ta med ordningar som sikrar klassane, og elevar med spesielle behov, fullgod undervisning, og som sikrar at kommunen kan ta i mot tilflyttande elevar med spesielle behov på ein smidig måte.

I tabellen er vist lærar- og leiarstillingane (årsverk) fordelt på arbeidsoppgåvene:

(Bare skulen, seksjonsleiing er ikkje tatt med)

Klasse/Oppgåve	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
Vanl. undervisn	0,98	0,98	0,98	0,98	1,12	1,12	1,12	1,44	1,44	1,44	11,6
Leiing: Rektor, avdelingsleiarar, kontaktlærarar											1,75
Rådgjeving: Yrke., sos.ped.,											0,82

IKT m.v.												
Tidleg oppdaging	0,10	0,10	0,10	0,10								0,40
Leksehjelp	0,06	0,06	0,06	0,06								0,24
Rest - vikar.	0,02	0,02	0,02	0,02	0,02	0,02	0,02	0,02	0,02	0,02	0,02	0,20
Tariff alder												0,29
Refund. av fagf.												0,30
Sum vanleg grunnskule												15,6

Tabellen viser det minimum lærarstillingar som må til skal ein drive skulen i samsvar med gjeldande forskrifter og tariffavtalar. Det er ikkje behov for å ha reserver eller auke i stillingstalet ut over 15,6 årsverk før elevtalet har auka vesentleg frå dagens nivå på 131, eller det kjem vedtak om utvida skuledag.

For det andre timane til spesialundervisning og språktiltak for minoritetsspråklege, som dette skuleåret brukar 2,3 årsverk, og som burde vore auka til ca 2,9 årsverk.

For det tredje stillingane til assistentar i dei vanlege klassane i småskulen med 1,2 årsverk, i SFO med 1,2 årsverk og spesialpedagogiske tiltak i barnehagen med 1,5 årsverk. Team ung har 4 årsverk til fagstillingar for miljøterapeutar, leiing og rådgjeving. Vaksenopplæringa brukar for tida ikkje ressursar i Bokn, men det kan fort endre seg dersom det kjem ein søknad via PPT.

Oppsummert gir dette eit behov for stillingar til skulen dette skuleåret på 26,4 årsverk mens budsjettet for 2011 har rom for 25,1. Det kan tenkast at denne situasjonen endrar seg neste skuleår (frå sommaren 2011). Summen av ekstra tiltak kan bli mindre eller større, det er uråd å seie sikkert no.

Rådmannen vil rå til at eventuelle nye behov neste skuleår blir vurdert når situasjonen er meir avklara. Det betyr at det "bare" manglar budsjettdekning for 1,3 årsverk i vårhalvåret. (Eit overforbruk i vårhalvåret kan føre til at det manglar inntil 2,6 årsverk i hausthalvåret, dersom behovet er uendra.)

Rådmannen vil rå til følgjande stillingsvedtak:

Skulen (med SFO, vaksenopplæringa, og ekstra tiltak i barnehagen) har for tida ei grunnbemanning på 26,4 årsverk. Stillingstalet er fordelt slik: Pedagogstillingar i skulen (grunnbemanning) 15,6 årsverk, spesialundervisning, morsmålsundervisning, norskopplæring for språklege minoritetar, tospråkleg fagundervisning, vaksenopplæring 2,9 årsverk, spesialpedagogiske tiltak for barn i førskulealder 1,5 årsverk, SFO 1,2 årsverk, elevassistentar 1,2 årsverk, miljøterapeutar 4 årsverk.

Rådmannen kan omfordele stillingane innanfor budsjetttramma. Det er ein føresetnad for bruken av stillingane at der er budsjettdekning. Stillingar med øyremerka tilskott kan aukast tilsvarande tilskottet.

HMS-tiltak

Skulen har fått avslag på godkjenning etter HMS-forskrifta for skular. Det må kome større klasserom på barnesteget før godkjenning blir aktuelt. Kostnadene vil avhenge av om ein lagar eit enkelt tilbygg eller vil planlegge ei meir langsiktig utvikling av skulebygget.

Ny PPT-avtale og logopedavtale

Tysvær har sagt opp PPT-avtalen. Den opphører 31.12.2010. Dei ønskjer ei avtale kopla til faktiske kostnader, ikkje elevtal.

Den gamle avtalen har vore gunstig økonomisk for Bokn. Utgiftene har vore på rundt 300.000 dei siste åra. Det er i tillegg sett av 70.000 til logopedavtalen. Det er ikkje avklart kva den nye avtalen vil koste, men Tysvær har antyda minimum 600.000 utan logopedavtalen.

Det manglar med andre ord kanskje meir enn 300.000 i høve til budsjettet for 2010. Rådmannen har lagt inn 300.000 i ramma.

Fornyning og oppgradering av den eldste delen av skulen

Mange rom treng fornying og oppfrisking. Møblene på personalrommet til dømes blei kjøpt inn for 20 år siden. Stoffet er godt slitt no. Personalrommet blir ein del brukt i kurssamanheng og det bør ha fastmontert prosjektor med høytalersystem. Elles vil det vere naturleg å sette av eit beløp på til dømes 50.000 kvart år dei nærmaste åra til oppussing og fornying rundt om i bygget, slik ein har gjort for gymnastikksalen dei siste 3 åra..

Prosjekt: "Filmtalenter - Haugesundsregionen"

Bokn kommune er sterkt representert i det interkommunale prosjektet filmtalentprosjektet. Rådmannen meiner det er viktig å ta vare på erfaringane frå dette prosjektet, slik at nye årskull Bokn-elevar kan få lære om film.

Brannseksjonering av skulebygget

Ein ny fagrapport viser at brannseksjoneringa ikkje er tilfredsstillande i skulebygget. Seksjon teknisk arbeider med å få laga eit framlegg til kva som må gjerast for at brannseksjoneringa skal vere tilfredsstillande. Det er tenkt å dele det gamle hovudbygget i to brannseksjonar. Det føreligg ikkje kostnadsoverslag, men rådmannen vil tilrå at ein i første omgang sett av 100.000 i 2011.

Teneste 2221 Skuleskyss

Gjeld den vanlege skuleskyssen med 2 bussar til og frå skulen, inklusiv midtskyss 2 gonger i veka, og køyring til symjing i Akسدal.

Kommunen betaler billettpris for den vanlege skuleskyssen med unntak av badeskyssen og ca 10 km av ruta på Vestre Bokn. Her betaler kommunen alle utgiftene.

Tenestene 2310 Aktivitetstilbod barn og unge og 2311 Kyrkjebygd kulturhus

Netto budsjett for 2010 var 342.000, mens det for 2011 er på 361.000.

Det ligg inne 75% stilling som ungdomsarbeidar. Aktiviteten i ungdomsklubben Petra og kulturkafeen Artep er god, men dei økonomiske rammene blir opplevd som litt for stramme. Petra har utgifter til internett, lisensavgifter for å kunne vise film lovleg, og mykje meir som følgjer av høg aktivitet. Rådmannen ser behovet for meir driftsmidlar og har vidareført dei 20.000 til drifta av Petra som blei lagt inn ekstra i 2010, slik at driftstilskottet i 2011 blir 45.000.

Teneste 3350 Parkar, plassar og torg

Det er sett opp 50.000 til vedlikehald fordelt på alle leikeplassane.. Det er elles sett av 15.000 som før til dei 3 velforeiningane. Flomlyset på fotballbanen er ikkje i orden. Eit tidlegare kostnadsoverslag var på 40.000. Det er sett av 50.000 til prosjektet Kjekt på Bokn.

Teneste 3700 Bibliotek

Netto budsjett for 2010 var 462.000 mens det for 2011 er på 473.000.

Prøveordninga med utvida opningstid 3 timar kvar måndag ettermiddag har vore svært vellukka. I snitt har det vore 12 besøk og 32 utlån, i sommarvekene 21 besøk kvar gong og 79 utlån. Like viktig har det kanskje vore at biblioteket har vore ein møteplass med ein kaffekopp mens ein ventar på eit eller anna, eller bare nyt at biblioteket er der. På grunn av forsøksordninga var biblioteket ope meste heile sommaren. Det var bare heilt stengt 2-3 veker.

Rådmannen har ikkje funne rom for å ta med prøveordninga vidare. Dersom den likevel blir vidareført, meiner rådmannen at det må vere ein føresetnad at heile auken i stillingsressurs går til auka opningstid slik som i prøveperioden, og at stillingsressursen i biblioteket er delt mellom minst 2 medarbeidarar. Det sikrar betre regularitet ved sjukdom og anna fråver, og sikrar meir ope ved avvikling av ferie.

Biblioteket har lagt om opningsrutinene for skulen, og er no i praksis så lett tilgjengeleg for skulen at krava til skulebibliotek i Opplæringslova langt på veg er oppfylt. Med dei høge utlånstala Bokn bibliotek har, bør stillingsramma aukast ytterlegare etterkvart.

Biblioteket ønskjer seg auke med 25.000 til bøker etc, og kan grunngje dette ut frå omsetting og slitasje. For å legge til rette for samarbeid med Petra, kursdeltaking og bokporto trengs det 20.000. Rådmannen har lagt inn ein auke til bøker etc med 15.000.

Teneste 3730 Kino

Det er sett 15.000 til mellom anna betaling til idrettslaget for bistand på kinokveldane. Dersom det blir digital kinovisning vil utgiftene auke med eit ukjent beløp. Rådmannen avventer utviklinga og vil kome attende til saka når ein veit meir.

Auditoriet treng oppgradering som kinosal. Det gjeld lyd og utskifting av stolane. Rådmannen har ikkje funne rom for dette i 2011, men meiner det burde vore sett av 50.000 for 2011, med oppfølging i 2012 og 2013 med liknande beløp. Dette er ei investering som kjem fleire enn dei kinobesøkande til gode.

Teneste 3750 Museum

Det er sett opp 27.000 for 2010.

Det er uheldig at kommunen ikkje har ei fast ordning med guide når museet har besøk. Det har både med service overfor besøkande og tryggleik for samlinga å gjere. Det er kjøpt inn utstyr til å sikre rett fuktigheit i museumsbygget, etter kritikk frå sentralt museumsfagleg hald. Dersom det igjen kjem eit aktivt lokalt styre for museet, bør det føre til meir langsiktige planar for museet, både for bygningar og gjenstandar.

Tenestene 3770, 3830 og 3850. Kunstformidling, Musikk og kulturskule og Andre kulturaktivitetar inklusiv Bygdebladet.

Netto budsjett for 2010 for dei 3-4 tenestene var 1.166.000, mens det for 2011 er på 1.225.000.

Kultur og musikkskulen treng ca 70.000 ekstra for å oppretthalde noverande aktivitetsnivå gjennom heile budsjettåret. I tillegg er det behov for ein del nytt utstyr.

Stillingsramma for Bygdebladet er sett til 50% stilling slik formannskapet har vedteke.

3. bind av bygdeboka - 479.000 skal fordelast på budsjetta for 2011 og 2012, etter at det som er brukt i 2010 er trekt frå.

Bygdabladet ønskjer seg journalist i 10% stilling, eventuelt 50.000 til freelance-journalistar.

Rammeområde 3 – Seksjon helse, sosial og barnevern

Teneste 2310 Aktivitetstilbud barn og unge

Denne tenesta omfattar tilbod om sommarjobb for årsklassane 15, 16 og 17 år. Tilbodet blir gitt for maksimum 2 veker i kommunale og private jobbar. I det private området deler kommunen og arbeidsgjevaren utgiftene med 50% kvar. Tilbodet hadde i 2010 ei netto utgift på rundt kr. 120.000,- . Noko som ligg kr. 40.000,- over talet for 2009, samstundes som det inneber eit meirforbruk i høve budsjettet med kl. 20.000,-. Ein årsakene til eit netto meirforbruk, er ein lågare del av private jobbar enn tidlegare. Dette er ein tendens som har vist seg dei siste åra.

Nokre ungdommar ordnar seg sjølv med sommarjobb, men for dei som ikkje har det, verkar det som at tilbodet er svært positivt. Både dei unge og foreldre har gitt uttrykk for dette. 1 veke er i minste laget, men økonomien set grenser. Fleire får sommarjobb seinare i bedrifta etter gode erfaringar.

I 2010 er det lagt inn brutto kr. 130.000 til sommarjobbar. I budsjettet for 2011 har ein grunna ein reell reduksjon dei siste åra, redusert inntekta (løn frå private) frå kr. 47.100,- til kr. 35.000,-. Dette betyr at me må redusera tilbodet om sommarjobbar til dei unge noko, samanlikna med 2009 og 2010, dersom ein ikkje klarar å auka inntektene i 2011.

Teneste 2320 Førebuing – skule og helsestasjonstenesta

Tenesta inneheld tradisjonell skule- og helsestasjonsteneste, med helseundersøking og vaksinasjon av barn og unge, rettleiing og helseopplysning for familiar med særlege behov, og deltaking i tverrfagleg gruppe.

Kommunen har avtale med fleire samarbeidskommunar om drift av helsestasjon for ungdom i Haugesund.

Jordmorteneste og svangerskapskontroll inngår i denne tenesta. Dette tilbodet har vore godt nytta av innbyggjarar i produktiv fase. I tillegg vil det bli meir vanleg at jordmor blir nytta til oppgåver for generell kvinnehelse og prevensjon, t.d. cytologisk prøvetaking og seksualrådgiving. Jordmor og helsesøster har tett samarbeid, også når det gjeld rådgjeving i skulen.

Samarbeidet mellom Helsestasjonen og legen har i 2010 blitt endå betre innarbeida. 10% av lønskostnadene til legen er lagt inn under dette tenesteområde.

Helsesøster starta hausten 2009 på helsesøster-vidareutdanning. Ho blei i konkurranse med mange søkjarar tatt opp på vidareutdanninga ved Universitetet i Stavanger. Dette er kommunen svært nøgd med. Utdanninga er lagt opp som eit deltidsstudie over 2 år, kor det er lagt opp til vekessamlingar i Stavanger. Dette har i også i 2010 medført at helsestasjonen har vore stengt medan helsesøster har vore på vidareutdanning. Noko som og vil vere tilfelle i fyrste halvår av 2011. Til sommaren 2011 vil Bokn kommune ha ferdigutdanna helsesøster.

Budsjettet for teneste 2320 i 2011 er i hovudsak ein vidareføring av driftsnivået frå 2010.

Teneste 2330 Førebyggjande arbeid, helse og sosial

Dette omfattar tenestene skjenkekontroll, førebyggjande rusmiddelvern, kommuneoverlegefunksjon og tilskot til interkommunale ordningar som miljøretta helsevern og krisesenteret.

Kommunestyret har vedtatt at skjenkekontrollane skal utførast av vaktfirmaet Securitas. Kontroll av ølsal og alkoholskjenking skal foregå minst 3 gonger årleg. Netto kostnad på tenesta er sett til kr. 71.000,- årleg. Då er løn til administrering av tenesta inkludert.

20% av lønskostnadene til legen er lagt inn under dette teneste 2330, i høve det ansvaret og oppgåvene som ligg til kommuneoverlegefunksjonen.

Tenesteområdet omfattar også utgifter til interkommunalt samarbeid på området miljøretta helsevern, med ei utgift på kr. 14.000,- for 2011.

Krisesenteret blei før 2011 finansiert med 80 % statlege midlar og 20 % kommunale midlar. For 2011 finansierast krisesenter 100 % kommunalt. Meirkostnadene for kommunane overføres i rammetilskotet. Bokn kommune har fått kr. 40.000,- i rammetilskotet, som i budsjettet for 2011 er lagt inn i teneste 2330.

30 % av løna til seksjonssjef er lagt til denne tenesta, fordi ein del av tidsbruken i denne stillinga er knytt til planarbeid, samordning og tilrettelegging av tenestene. Dette er arbeid som bør gi helseførebyggjande gevinst.

Teneste 2340 Aktivisering eldre og funksjonshemma

Denne tenesta omfattar bu og aktivitetstilbodet for funksjonshemma i kommunen. I tillegg inngår drifta av dagsenteret for eldre, som er eit høgt verdsett tiltak.

For Bu & aktivitetseininga vil det for 2011 vere store endringar samanlikna med 2010, av to hovudårsakar.

Ein av brukarane vil i 2011 ha ein markant auke i tiltak, noko som vil føra til ein auke i driftskostnadane.

I 2011 vil det ved eininga vere ein brukar mindre grunna dødsfall hausten 2010. Dette medfører ein markant nedgang i dei budsjetterte inntektene (refusjon frå staten) for 2011, med kr. 540.000,-.

I budsjettet for 2011 er det lagt inn ein reduksjon i lønskostnadane med kr. 130.000,- for teneste 2340, samanlikna med 2010. Kostnadsreduksjonen er knytta opp mot eit redusert behov for personalressursar tilsvarande 30 % stillingsstorleik. Reduksjonen tilsvarar summen av det reduserte behovet på bakgrunn av den eine brukarens bortgang og det auka behovet på bakgrunn av endring i tiltak for den andre brukaren.

Ved inngangen av 2011 vil det vere 3 brukarar ved Bu & aktivitet, med tiltak som varierar frå butilbod, dagtilbod og avlastningstilbod. Kommunen forsøker så langt det er mogleg, sjølve å dekkja dei behova som brukarane ved eininga har. Men for å gje brukarane eit godt nok tilbod og ivareta det lovpålagte ansvaret som kommunen har, ser ein seg naudsynt til å kjøpe dagtilbodsplass hjå eksterne samarbeidspartnarar.

Dagsenteret for eldre er eit populært tilbod blant kommunens eldre befolkning. Dette tiltaket som fremmar aktivitet og sosialisering, er eit viktig førebyggjande tiltak for denne aldersgruppa.

Avlasting og støttekontakt er også ein del av denne tenesta. Ordninga omfattar mellom 10 og 15 personar, og fleire av desse er svært omsorgskrevjande. Målsetjinga er at dei som sjølv ikkje maktar det, skal få hjelp til å bryta sosial isolasjon og få tilbod om aktivitetar. I tillegg treng pårørande avlasting. Endring av brukarstatusen ved eining for Bu & aktivitet medfører noko mindre behov for desse tenestene. Ein har i budsjettet for 2011 kutta i desse tenestene for å dekkja inn noko av inntektstapet for teneste 2340.

Som nemnt tidlegare vil ein av brukarane ha ein markant auke i tiltak, då brukaren 1. januar flyttar inn i omsorgsbustad med heildøgns tilsyn, samt at kommunen har ansvar for å gje brukaren eit forsvarleg dagtilbod. Tilsynsbehovet blir i hovudsak dekkja av dei eksisterande personalressursane. Når det gjeld dagtilbodet, så vil ein måtta kombinera fleire tiltak for å kunna gje eit fullverdig tilbod. Det er det samla dagtilbodet som vil medføra auka kostnader, og som førar til at ein for 2011 har lagt inn eit forslag på auke i drift for teneste 2340 med kr. 240.000,-

Teneste 2410 Diagnose, behandling og rehabilitering

Denne tenesta inneber utgifter til drift av legekontor, legevakt, legevaktsentral (avtale med AMK/Helse Fonna) og fysioterapi.

50% av løna til legen er lagt inn under dette tenesteområdet, og omhandlar den kurative verksemda som er knytt opp til fastlegeheimelen til Bokn. Resten av løna er lagd til Helsestasjon (10%), Sjukestova (20%) og førebyggjande arbeid, helse og sosial (20%).

Drifta ved legekantoret går framleis bra, med ein liten oppgang frå året før. I oktober 2010 hadde legekantoret i overkant av 490 listepasientar, medan kapasiteten er 600. Drifta for 2011 følgjer i hovudtrekk drifta for 2010.

Avtalen som ein inngjekk i 2008 med Helse-Fonna om drifting av legevaktsentral gjennom AMK, ligg og under teneste 2410. Denne avtalen medfører ein netto kostnad på kr. 47.500,- for 2011.

Me har fortsatt legevaktsamarbeid Tysvær og Sveio kommune. Dei årlege kostnadene for denne samarbeidsavtalen ligg også under teneste 2410.

Fysioterapeuten har 60 % driftstilskot. Det inneber at han i gjennomsnitt er her 3 dagar i veka. Denne tenesta fungerer godt, og har gjort det i mange år. For 2011 er det endringar i finansieringsordningane for fysioterapeutar. I grove trekk inneber dette at ein større del av inntektene til fysioterapeutane kjem gjennom driftsavtalar. Dette inneber og auka utgifter for kommunen. Kommunen har fått denne utgiftsauken dekkja over rammetilskotet, som er lagt inn i budsjettet med ein auke på kr. 55.000,- f.o.m. 2011

Rehabiliteringsarbeidet skal gi tilbod til personar med nedsett funksjonsevne, som har habiliterings- eller rehabiliteringspotensiale. Dette arbeidet i kommunen skjer gjennom mange av tenestene. Legen har sin del gjennom henvisningar og utredning. Det kommunale hjelpemiddellageret ligg ved sjukestova, og det er personalet her som hjelper brukarane med søknader om hjelpemiddel frå hjelpemiddelsentralen. Vi manglar utredningskompetanse for ergoterapi og ADL-hjelpemidler, men har skolert tilsette for behov i forhold til hørsel, syn og bevegelse. Det er no eit krav til alle kommunar om at ein skal ha ein koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Gjennom arbeidet med å oppretta ein slik eining i Bokn kommune håpar med koordineringa av tenestene for dei personane som har behov for fleire tenester blir betre ivaretatt.

Bokn kommune deltar i eit interkommunal samarbeid om voldtektsmottak.

Drifta ved legekantoret går bra, med framleis aukande pasienttal. Ved tilsetjing av ny lege i 2008 blei det gjort ein viss oppgradering av legekantoret. For å gjere drifta endå meir funksjonell for det aukande antal pasientar, er det ynskjeleg i bruke kr. 40.000,- til oppgradering av undersøkingsrom/skadestue inkludert ny gynekologisk undersøkingsstol.

Ein har og lagt inn forslag om innkjøp av ny ergometersykkel til fysioterapitenesta med kr. 4.000,-, samt kr. 11.000,- i dei 3 neste åra for leasing av elektroterapiapparat. Desse tiltaka har ikkje rådmannen funne rom for i budsjettet for 2011.

Teneste 2420 Sosial rådgjeving og rettleiing.

Tenesta omfattar kurativ sosial omsorg og sosial rådgjeving når det gjeld å fremja sosial og økonomisk tryggleik, betra levevilkåra for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Denne gruppa treng rådgjeving og praktisk rettleiing og bistand til å søkja om arbeid, trygd eller utdanning.

Dette tenesteområdet har sidan september 2009 ligg under NAV-Bokn sitt ansvar. NAV-Bokn blei offisielt opna 1. sept. 2009. Både i forkant og i etterkant av opninga er det gjort ein god jobb i å integrera dei statlege og dei kommunale tenestene på området med ein felles dør.

For 2011 vil ein få ein spesiell utfordring knytta opp mot pensjonering hjå ein mangeårig medarbeidar, som har ivaretatt ein lokal kjennskap og kompetansekontinuitet som vil bli vanskeleg å erstatta.

Teneste 2440 Barneverntenesta

Tenesta inneheld rettleiing, undersøking og oppfylging av barn og familiar. Generelt førebyggjande arbeid ligg og i tenesta.

Det har i løpet av 2010 vist seg at ein ikkje har klart å skapa ein felles plattform for eit vidare forpliktande barnevernsamarbeid mellom dei såkalla BAS-kommunane (Bokn, Tysvær, Vindafjord, Sveio, Etne og Utsira). Bokn kommune beklagar dette sterkt, då det er ein erkjenning at Bokn ikkje åleine vil klara å ivareta ansvaret ein har etter lov om barneverntenester.

I deler av 2009 og heile 2010 har Bokn kommune hatt eit samarbeid med Tysvær kommune om kjøp av sakshandsamings-tenester etter lov om barneverntenester. Ein er i positiv dialog med Tysvær kommune om ein vidareføring av denne avtalen også for 2011, og kostnadane for denne avtalen er og vidareført i budsjettet for 2011.

Ein må bruke 2011 til å forsøka å koma fram til ein permanent ordning for barnevernsarbeidet i Bokn kommune, saman med ein eller fleire andre kommunar.

Teneste 2510 Barneverntiltak i familien

Tenesta gjeld hjelp til barn og unge med særskilt behov for støtte. Hovudvekta av dei tiltak som barneverntenesta sett i verk, som definerast som "hjelpetiltak" etter lov om barneverntenester, ligg under teneste 2510. Dette er hjelpetiltak som er av førebyggjande og støttande karakter, som skal gje barn, unge og deira familiar hjelp i heimen, slik at dei klarar dei utfordringane som kvardagen gjev.

I 2010 har ein sett ein auke i kor barneverntenesta har gått inn med hjelpetiltak. Sakene er og gjerne komplekse, og krev ein kompetanse som ein må kjøpa frå eksterne samarbeidspartnarar. Tiltaka som krev at ein går ut og kjøpar spesialkompetanse medfører

og gjerne høge kostnader. Kostnadsnivået til teneste 2510 er vanskeleg å forut sjå i budsjettsamanheng, også for 2011.

Teneste 2520 Barneverntiltak utafør familien

Dette gjeld barn som har tiltak/omsorg utanfor familien.

Det er for tida ingen barn frå vår kommune der det har vore omsorgsovertaking, og midlane på budsjettet i denne tenesta vil på ingen måte strekka til om det skulle bli behov i denne tenesta.

Teneste 2530 Pleie, omsorg og hjelp i institusjon

Tenesta gir pleie og omsorg for menneske som treng dette heile døgnet på sjukeheimen, som er ein del av drifta på Sjukestova.

Ved sjukeheimen har ein i 2010, som i 2009, hatt ein meir normalisert drift med tanke på belegg, etter eit par tøffe år i 2007 og 2008. Ein har i 2010 fortsatt å vere bevisst på bruken av korttids- og avlastningsplassar. Noko som er i tråd med målsetjinga om at flest mogleg skal få bu heime lengst mogleg.

For 2010 sa me at me ville starta ein omstillings- og utviklingsprosess, slik at me best mogleg står rusta for å ivareta dei store utfordringane som ligg i framtida. Gjennom 4 klåre satsingsområde; utvikla ein god og hensiktsmessig organisasjonsstruktur, som framhevar myndiggjering, initiativ og ansvar for kvar enkelt medarbeidar, bygga ein organisasjonskultur med ein klår visjon og med eit klårt definert verdigrunnlag i botn, utvikla kompetansen samla og for kvar enkelt, satsa på IKT.

Ein har starta dette arbeidet i 2010, men ein har opplevd at desse endringsprosessane har vore meir omfattande og tidkrevjande enn først antatt. Ein har ikkje i 2010 klart å ha nok fokus og trøkk på desse prosessane administrativt, og i dette heller ikkje klart å engasjera dei tilsette i sterk nok grad i omstillings- og utviklingsarbeidet. Samstundes som at ein nok ikkje tok høgde for at å få inn ny einingsleiar og er ein stor omstillingsprosess i seg sjølve. Endring av rollar, funksjonar, ansvar og oppgåver har vore utfordrande og tidkrevjande.

Ein vil i 2011 fortsetja arbeidet med omstillings- og utviklingsprosessane, då ein ser at dette er av stor betydning i høve fleire aspekt. Ikkje minst i høve arbeidsmiljø. Det kan til ei kvar tid vere vanskeleg å sjå i kor stor grad arbeidsmiljøet har betydning for eksempel på sjukefråveret, men ein er overtydd om at det er av betydning at ein opplever å ha innflytelse og medverknad på sin eigen arbeidssituasjon. Difor vil ein i 2011 ha spesielt fokus på å få innarbeida gode kommunikasjonsstrukturar, inkludert bl.a. gode rutinar for gjennomføring av og oppfølging av medarbeidarsamtalar.

I 2011 vil ein fortsetja arbeidet med aktivitets- og trivselsfremjande tiltak for bebuarane på sjukeheimen. Ein har difor i budsjettet for 2011 foreslått kr. 30.000,- til innkjøp av ny kjøkkeninnreiing og komfyr i spisestova. Eit slikt tiltak vil auka aktiviseringa hjå bebuarane gjennom deltaking i enkle daglegdagse gjeremål kring måltid, samstundes med den miljø- og trivselsskapande faktoren for eksempel lukta av nybakte bollar gjev.

I 2010 hadde ein tilsyn frå mattilsynet på Sjukestova sitt kjøkken. Tilbakemeldingane etter tilsynet var at det var lite å utsetja, og det blei ikkje registrert noko avvik. Mattilsynet kom likevel med ein merknad i høve hyllene på kjølerom/matbod. Hyllene er laga av ubehandla treverk, og er difor vanskeleg å halde reine. Det difor foreslått i budsjettet for 2011 å kjøpa inn nye hyller i rustfritt stål, til kr. 22.000,-. Desse to tiltaka har ikkje rådmannen funne rom for i budsjettet for 2011.

Teneste 2540 Pleie, omsorg og hjelp i heimen

Pleie og omsorgstenester for hjelpetrengjande menneske med sjukdom eller funksjonshemming som bur heime. Omfattar heimesjukepleie, psykiatrisk sjukepleie, heimhjelp, matombringing, tryggleiksalarmar, formidling av hjelpemidlar. Brukarane har tilgang på heimesjukepleie alle dagar, heile døgnet. Pågangen etter desse tenestene har stadig auka, og funksjonen har fleire tunge og krevjande brukarar.

Gjennom oppføring av dei nye omsorgsbustadene har kommunen lagt eit godt grunnlag for hensiktsmessig framtidig drift og samordning av tilbod for mange forskjellige brukargrupper. Kommunen har tidlegare, etter det vi kan vurdere, lukkast med å gi brukarane tryggleik for at dei får hjelp når behovet er der. Resultatet av dette er at vi har godt samarbeid med potensielle pasientar og deira pårørande om vurdering av riktig omsorgsinnsats, og opplever ikkje at brukarane søker om tenester før behova er reelle. Sjølv om behovet for hjelp i denne tenesta kjem til å auka i åra som kjem, får vi tru vi har eit godt fundament på plass.

Behovet for psykiatrisk sjukepleieteneste har stadig auka dei siste åra. Det er eit tidkrevjande arbeid å følgje opp denne pasientgruppa, både ovafor den enkelte og i samarbeid med andre instansar internt og eksternt. Eining for psykisk helsearbeid i kommunen har pr. i dag 2 tilsette som delar ein 100 % stilling. Då behovet for samarbeid og kommunikasjon dei 2 tilsette imellom er stort, har dei 1 dag i veka kor dei er på jobb samtidig. Dette medfører at det 1 dag i veka ikkje er bemanning på eininga.

Det har kome tilbakemelding frå brukarrådet for psykisk helsearbeid med eitt klårt ønske om å auka bemanninga ved eininga med 20% stillingsstorleik, slik at ein kan ha bemanning 5 dagar i veka. Det er ikkje funnen rom i budsjettet 2011 for ein slik auke.

Teneste 2540 omfattar og omsorgsløn for avlønning av personar som har ein god del pleie og pårørande som bur heime. Dette er kombinert med hjelp frå kommunen. Dette er i samsvar med vedtatt plan for tiltak for funksjonshemma.

Som ein del av strategien for å møte utfordringane som samhandlingsreforma og bl.a. det aukande behovet for pleie- og omsorgstenester blant eldre gjev i framtida, så har Bokn kommune hekta seg på eit stort samhandlingsprosjekt i saman med Helse-Fonna, Høgskolen Stord/Haugesund og 7 andre kommunar i Helse-Fonna området; Helsetorgmodellen. Bokn er med i eit av delprosjekta i Helsetorgmodellen; Helseteam for eldre. Helseteam for eldre er det delprosjektet som pr. dags dato er komen lengst i Helsetorgmodellen. For å sikra vidare framdrift i delprosjektet, og ikkje minst hausta gevinstar av deltaking i prosjektet for Bokn sin del, så er det mogeleg at kommunen får tilskot frå prosjektet slik at stillinga som trygghetssykepleier kan vidareførast i 2011.

Teneste 2650 Kommunalt disponerte bustader

Tenesta omfattar Husbanken sine støtteordningar med utbetringstilskot, etableringslån m.v. Frå 2003 vart ordninga med startlån innført. Det erstatta kjøps- og etableringslån, og er ei låneordning for husstandar med etableringsproblem. Det er kommunane som administrerer startlånet.

Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp

Tenesta omfattar bistand til personar med økonomiske problem. (bidrag og lån).

Det er vanskeleg å budsjettera økonomisk sosialhjelp, då det uventa kan koma nye søkjarar med rett på stønad. Dei siste åra har ein hatt nærare 10 personar som årleg har fått økonomisk sosialhjelp. Nokre over kort tid, andre lengre.

Søkjarar har ofte problemområde i tillegg til at dei kan vera utan arbeid. Det kan vera psykiatri/rusmisbruk, gjeldsproblematikk og andre ting. Det er såleis samansette og arbeidsintensive oppgåver som legg beslag på betydeleg meir tid enn det som var tilfelle tidlegare. Sosialkontoret må samarbeida med ei rekke andre partnerar som t.d. arbeidsmarknadsetat, trygdekontor, kommunale og fylkeskommunale tenester innan psykiatri og rusvern og helsevesen elles. Føremålet med arbeidet er alltid å få personane inn i inntektsgjevande arbeid, eventuelt varige trygdeordningar dersom dei ikkje er arbeidsdyktige. Økonomisk sosialhjelp skal vera ei midlertidig ordning. Difor må det også arbeidast aktivt med søkjarane for å finna andre varige løysingar.

Med opprettinga av NAV-Bokn hausten 2009 har Bokn kommune ytterlegare styrka eit arbeid som allereie blei utført på ein god måte. Når ein no har ordningar og ytingar innan arbeid, trygd og sosial samla under eitt, betyr det ein merkbar positiv effekt for kvar einiskild som trong dette.

Som ein del av "NAV-reformen" og myndigheitenes kamp mot fattigdom, har bl.a. det såkalla "kvalifiseringsprogrammet" blitt oppretta. Kvalifiseringsprogrammet går i hovudtrekk ut på auka moglegheitene for å setja i verk hensiktsmessige tiltak slik at personar som elles hadde måtta levd av økonomisk sosialhjelp, får hjelp til å koma ut i innteksbringande arbeid. Kvar kommune får eit måltal for kor mange personar ein skal ha i kvalifiseringsprogrammet. I 2010 har vi fått øyremerka tilskod for å dekkja desse kostnadene. For 2011 er tilskotet til kvalifiseringsprogrammet gitt i rammetilskotet. For Bokn utgjer dette for 2011; kr. 117.000,-, som er lagt inn i budsjettet under teneste 2760.

Teneste 2850 Ambulansetransport

1. april 2010 blei det gjennom "forskrift om krav til akuttmedisinske tenester utenfor sykehus", gjort gjeldande kompetansekrav til ambulanspersonell som ambulanspersonalet i Bokn kommune ikkje tilfredstilte. Noko som igjen sådde tvil om kor vidt ambulansen i Bokn kommune framleis var å betrakta som ein ambulanse, og kva bruksområde den hadde etter 1. april.

Slik kommunen har tolka regelverket, så har ein behaldt ambulansestatusen på bilen, om enn som ein leilighetsambulanse/beredskapsambulanse. Kommunen har og vært i dialog med styresmaktene for å få ein fortgang i avklåring på ein nivådeling av ambulansar med tilhøyrande virkeområde og kompetansekrav. Dette for å kunna ta ein avgjerd om det framleis er eit grunnlag for vidare drift av ambulansetenesta i kommunen. I skrivande stund er ikkje denne avklåringa komen.

I løpet av året har Helse-Fonna overdratt ambulansebilen vederlagsfritt til kommunen.

Når det gjeld avtalen som er inngått mellom Helse-Fonna og Bokn kommune om "Ambulansekjøretøy i sekundærberedskap", så har ikkje Bokn kommune enno ikkje motteke nokon skriftleg oppsigelse av avtalen frå Helse-Fonna.

Då avklaring i frå styresmaktene ikkje er komen, og heller ikkje oppseiing av avtalen med Helse-Fonna, så er det i budsjettet for 2011 foreslått ein vidareføring av ambulansetenesta på same nivå som tidlegare år. Dette inkluderar og inntekt ved refusjon frå Helse-Fonna (regulert av gjeldande avtale), med kr. 170.000,- pr. år.

Når avklaring som nevnt ovanfor evt. kjem, vil naudsynte endringar i ambulansetenesta med konsekvensar for drift og budsjett bli tatt opp og behandla som eigen sak.

Rammeområde 6 – Seksjon teknisk

Seksjonen har 4 årsverk/stillingar samt 17 personar som er med i det frivillige brannkorpset.

Figuren under viser kva område seksjonen har ansvar for og kor stor del av brutto utgiftene som blir brukt på dei ulike tenestene:

Teneste 1900 og 1902 Vaktmeistertenester og Fellesutgifter Boknatun.

Under tenesta høyrer vaktmeister og fellesutgifter for heile kommunen med unnatak av skule og barnehage.

I tenesta ligg: Vedlikehald av bygg og grøntanlegg.
Førebyggjande brannvern.
Arbeid for å fremja energioptimalisering.

Nett no har ein ingen problem knytt til drift av bygg eller anlegg.

Bokn driv saman med nabokommunane eit prosjekt som skal munna ut ein klima- og energiplan. Rådmannen legg til grunn at nye tiltak blir vurdert på grunnlag av denne planen. Ein reknar med at planen blir ferdig i 2011. Nye tiltak blir vurdert etter dette.

Teneste 1902 Fellesutgifter Boknatun.

Under ENØK-tiltak kan det vera at ei får nytta dei kr 60.000 som står på budsjettet for i år til å isolera loftet på Boknatun. Om dette ikkje let seg gjera må beløpet først over til budsjett for 2011. På grunn av tidlegare lekkasjar på innvendige vatn og avlaupsrøyr må ein rekna med høgare kostnader til vedlikehald av desse.

Rådmannen ser det slik at ein bør auka tryggleiken mot brann på sjukeheimen. Ein bør gjera dette ved å installera overrislingsanlegg. Det må i 2013 setjast av kr 50.000, til prosjektering av anlegget. I dette ligg og midlar til prosjektering av overrislingsanlegg i omsorgsbustadene.

Som førebels anslag kan ein rekna med at overrisling av sjukeheimen vil koma på mellom

kr 300.000,- og kr 500.000,- avhengig av om ein må ta med loftet. Kostnader med tilførsle av vatn vil og vera avgjerande for totalkostnaden.

Teneste 2210 og 2220 Bygg for Bokn barnehage og skule.

I tenesta ligg ansvar for utskifting og oppgradering av tekniske og konstruktive hovudsystem, utvendig vedlikehald og kostnader med å halda eit godt inneklimate herunder energikostnader.

Nett no har ein ingen problem knytt til drift av bygg eller anlegg.

Ein har sikra vedlikehald av viktige tekniske anlegg som heis, ventilasjon og brannalarmanlegg med bruk av serviceavtalar.

Når det gjeld enøk-tiltak, ventar ein på klima- og energiplanen.

Fyrkjelen på skulen har forlengst passert normal levetid. Det same gjeld taktekinga. Ein har ikkje hatt større problem med takteking og fyrkjele i 2010, det er difor grunn til å tru at ein kan gå gjennom 2011 utan store problem. Skulle fyrkjelen bryta saman, må ein ta kostnaden med snarleg nyinstallering og kostnaden med naudløysing den tida kjelen ikkje er i funksjon. Det er naturleg å sjå utskifting av fyrkjelen som eit tiltak i klima- og miljøplanen. Det må vurderast om utskifting av fyrkjelen kan vere tilskottsberettiga.

Taket på skulen må fyrst takast når problema blir så store at utbetring ikkje er lønsamt.

Kva gjeld brannsikring kan ein seia fylgjande om skulebygget. Faren for skade på elevar og lærarar er liten. Det er gode rømingstillhøve. Av brannrapport som ein har fått gjort, går det fram at det ikkje er tilfredsstillande seksjonering i takkonstruksjonen. Dette gjer at ein brann høgst sannsynleg vil føra til at heile det gamle bygget brenn ned. Med bakgrunn i brannrapport og intern fagleg vurdering vil ein rå til at ein deler skulen i to med brannskilje. Eksisterande konstruksjonar ligg til rette for dette. Det som trengst er at brannveggene blir ført over tak, at opningar blir tetta, at dørar får naudsynt brannklasse o.s.v. Dersom ein vel å gå vidare med brannsikring av skulen, treng ein i 2011 kr 100.000,- til prosjektering av brannveggen. Etter dette vil ein koma med kostnader på arbeidet. Skal ein gjera eit førebels anslag blir dette på mellom kr 1 og 2 mill.

I budsjett for 2010 er det sett av kr 40.000 til utvendig maling. Arbeidet er ikkje gjort. Kostnaden vert truleg ca.60.000 og ein har auka budsjettet med kr.20.000 . Ein tek sikte på at arbeidet blir leia av vaktmeistrane og gjort med bruk av sumarvikarar.

Teneste 2311 Kyrkjebygd aktivitetshus

Tenesta omfattar ansvar for energi og vedlikehald av det gamle skulebygget på Bokneberg.

Bygget blir nytta til fritidsaktivitetar for unge. Det er i 2010 gjort noko arbeid i underetasjen i regi av brukarane. Føremålet er å kunna gjera lokalet i stand slik at det kan nyttast. Bokn kommune reknar med å gjera ferdig dreneringsarbeid rundt bygget før årsskiftet 2010 – 2011. Ein vel å liggja på veret med anna vedlikehald til framtida for bygget er klarlagt.

Teneste 2650 Kommunalt disponerte bustader

Tenesta omfattar utleige og vedlikehald av kommunale bustader.

Kommunen har 21 husvære. 15 omsorgshusvære ved Boknatun, eit hus med 4 ungdomshusvære på austre Bokn og ein eldre bustad med 2 husvære i Føresvik.

Bustadene er i god stand og treng ikkje ekstraordinært vedlikehald i 2011. Det er likevel slik at ein ofte må gjera oppussingsarbeid når ein skiftar leigetakar. Det er ikkje avsett eigne midlar til dette. Husleiga blir årleg justert i samsvar med konsumprisindeksen.

Rådmannen ser det slik at ein bør auka tryggleiken mot brann på kommunale bustader. Ein bør gjera dette ved å installera overrislingsanlegg. I 2013 er det under

teneste 1902, fellesutgifter Boknatun foreslått kr 50.000, til prosjektering av anlegg. I dette ligg og midlar til prosjektering av overrislingsanlegg i omsorgsbustadene. Som førebels anslag kan ein rekna med at overrisling av 15 omsorgsbustader vil koma på omlag kr 500.000,-. Kostnader med tilførsle av vatn vil og vera avgjerande for totalkostnaden. Skal dei 4 ungdomsbustadene sprinklast må ein rekna med kr 150.000,- i tillegg.

Teneste 3000 - Fysisk tilrettelegging og planlegging, 3010 - Plansaksbehandling, 3020 - Bygge-, delings- og seksjoneringssaker, 3030 - Kart og oppmåling.

Arbeidsmål for tenesta er å utarbeide planar i samsvar med kommuneplan og bygningslova og etter kva kommunen treng for å leggja til rette for utbygging og vern. Handsama byggje- og plansaker i samsvar med lovar og føresegner og innanfor fastsette fristar. Gjennomføra kart og delingsforretningar på ein rask og effektiv måte. Oppdatera kartverk og føra matrikkelen. Frå 2011 skal ein i tillegg gjennomføra lovfesta tilsyn.

Arbeid med kommuneplanen låg tidlegare under seksjonen, men er no lagt til rådmannen som har ein kommuneplanleggjar til å stå for dette arbeidet.

Ein slit i dag med å halda fristar og med å få gjort arbeidet på ein tilfredsstillande måte. Den viktigaste grunnen til dette er manglande menneskelege ressursar. Frå 1. januar gjekk tidlegare teknisk sjef over til stillinga som kommuneplanleggjar, men han fungerte også som teknisk sjef inntil nyttilsetjinga i april. Kommunen har vore utan byggjesakshandsamar i heile 2010. Nytilsett seksjonssjef har difor ikkje hatt den medarbeidarar med erfaring og etablerte rutinar som ein kunne ynskja. Nytilsett seksjonssjef har opplevd at det vore vanskeleg å få kunnskap og oversikt over oppgåver og arbeidsrutinar, sjølv om dei tidlegare tilsette har vore til stor hjelp i denne tida.

Oppgåvene er så langt det rekk blitt utført av seksjonssjef og med bruk av innleidd hjelp til ein del saksbehandling. Når arbeidsoppgåvene omfattar budsjett og økonomistyring, diverse planarbeid, personalansvar, sortering av saker og post, kontakt med og hjelp til søkjarane, svara på spørsmål på e-post og telefon i tillegg til å ha samtalar med dei som kjem på kontoret, blir det lite tid att til sakshandsaming og sakene hopar seg opp.

Stillinga som saksbehandlar har vore lyst ut, men ein har dessverre ikkje fått tak i personar som har direkte kompetanse og erfaring frå arbeidsområdet. Ein vurderer for tida søkjarane med anna relevant høgskule utdanning, og innser at vi ved intern og ekstern opplæring må byggja opp spisskompetanse innfor fagområdet.

Tida framover vil difor fortsatt vera utfordrande og ein vil ha behov for å kjøpe inn hjelp til saksbehandling ennå ei stund inntil bemanningssituasjonen har stabilisert seg. Rekneskapet for 2010 vil vise eit mindreforbruk på løn, og ein rår til at dette mindreforbruket vert sett av til eit disposisjonsfond som kan brukast til å kjøpe tenester i 2011.

Med stor von om at vi får tilsett ein dugande medarbeidar vil seksjonen snarast starta opp arbeidet med å få på plass skriftlege rutinar og gode prosedyrar for saksbehandlinga. Tilgang til og bruk av elektroniske fagsystem vil vera viktige

element i dette. Ein viser til rådmannen sitt forslag om vidareføring av handlingsplan for IKT.

Rekrutteringsproblem innafor saksbehandling i teknisk sektor er eit problem for dei fleste kommunane i nærleiken. Samarbeid om eit felles byggjesakkontor for fleire kommunar har vore drøfta, men slik situasjonen er nå har kommunane problem med å få personressursar nok til å ivareta eigne oppgåver.

I strategisk IKT plan for kommunen har ein eit mål om å ta i bruk nyttig programvare som kan effektivisera arbeidet samstundes som det gir betre tenester til innbyggjarane.

For teknisk er fylgjande program aktuelle:

Planarkiv:

I ny planlov er kommunane pålagt å etablere digitalt planarkiv. Programmet er tatt med i kommunen sin IKT plan.

VA-program

Pr. dag har kommunen berre papirarkiv over offentleg leidningsnett. Nytt program er med i kommunen sin IKT plan.

KOMTEK:

Med seksjonen sine små ressursar er det viktig at tilsette kan arbeida mest mogleg rasjonelt.

I IKT planen for 2010 vart det vedtatt å kjøpe inn programmet KOMTEK. Dette er eit program som gjer det mogleg å sikra at alle bygg får rett avgift i samsvar med informasjon i matrikkel, oversikt over endringar, fritak eller liknande, eigarhistorikk og at alle kommunale avgifter er kopla til rett eigedom.

Vi har samarbeid med Tysvær om feiing, og med bakgrunn i at dei skulle kunna føra feiearkivet gjorde kommunane i 2010 ein avtale om at KOMTEK programmet skulle installerast på server i Tysvær. Installasjonen vart utført i juli 2010 men er i skrivande stund har Bokn ennå ikkje fått tilgang til programmet. Dette er ytterlegare kommentert i sentraladministrasjonen sitt kapittel om IKT .

Opplæring:

Dei tilsette i seksjonen må halda seg oppdaterte på lovar og føresegner. Verksemda er i dag heilt avhengig av bruk av mange datasystem. Når ein no er iferd med å byggja opp ein heilt ny stab, trengst opplæring innan mange felt. Seksjonen sine behov vil bli tatt inn i kommunen sin kompetanseplan som er under utarbeiding.

Gebyra for saksbehandling, kart og oppmålingstenestene skal finansiera dei kostnadene kommunen har til slike oppgåver, dvs. sjølvkost. Sidan det er Tysvær som utfører kart og oppmålingsforretningane vert kostnaden Tysvær sin gebyrsats + våre eigne administrasjonskostnader som omfattar sakshandsaming, registrering i eigedomsbase, tinglysning og fakturering.

På grunn av ny forskrift vart nytt gebyr regulativ for behandling av saker etter plan- og bygningslova vart vedtatt innført fom. 01.juli 2010. Regulativet vart vedtatt med same oppbygging og like satsar som Tysvær. Både Tysvær og Bokn ligg lågt samanlikna med andre kommunar når det gjeld desse gebyra. Begge kommunane foreslår difor at gebyra vert auka med 50% i budsjettet for 2011. Sjølv med ein så

kraftig prisauke vil gebyra ligga godt under max gebyr, som er sjølvkost. Inntektsauken er kalkulert til kr. 75.000,-

Rådmannen har i budsjettframlegget vidareført at oppmålingsgebyret for 2011 vert vedtatt i samsvar med Tysvær sitt forslag for 2011, med tillegg av kr.84,- for egne administrasjonskostnader.

Rådmannen rår til at gebyrsatsane for sakshandsaming blir auka med ihht vedlagt gebyrregulativ.

Teneste 3150 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak

Tenesta omfattar tilrettelegging av utbyggingsområde, herunder opparbeiding av bustadfelt samt andre fysiske bumiljøtiltak.

I skrivande stund er det att to tomter ved kommunehuset i Føresvik. Rådmannen er kjent med at ein privat utbyggjar planlegg bustadfelt i Alvestadkroken for 10-15 bustader. I tillegg er det nokre få private tomter til sals.

Ein arbeider framleis med reguleringsplan for bustadfeltet i Fyrvegen. Feltet vil gje plass til kring 15 tomter. Ferdigstilling av reguleringsplan og innhenting av anbod vil skje i 2011. Ein kan vona at feltet står ferdig før sumaren i 2012.

Samla investeringskostnad inkludert tomtekjøp vil truleg liggja mellom 5 og 7 mill. Rådmannen rår til at det i 2011 vert sett av kr 5.000.000,- til regulering, prosjektering og innhenting av anbod og oppstart av byggjearbeidet. Dersom anbod på opparbeiding av bustadfeltet vert høgare enn det som er budsjettert i 2011 vert dette tatt med i komande budsjett for 2012.

Teneste 3200 Kommunal næringsverksemd

Tenesta omfattar drift av kommunalt jordbruks- og skogareal. Kommunen eig nokre jordbruks- og skogparsellar men driv inga næring knytt til desse.

Teneste 3250 Bistand til næringslivet

Under tenesta høyrer innkjøp av næringsareal samt bygging og utleige av næringsareal og næringsbygg.

Kommunen eig næringsareal og næringsbygg i Knarholmen. Det er eit mål at desse blir nytta best mogleg. I prosjektet "Kjekt på Bokn" arbeider ein med planar og tiltak som skal gjera Bokn til ein god stad for næringsliv og innbyggjarar.

Teneste 3300 Samferdsleverksemdar og transporttiltak

I Bokn høyrer kommunale kaiar inn under dette avsnittet. Oppgåver knytt til dette er å sikra gamle kaiar og bryggjer som kommunen eig. Det er eit mål å vurdera kva eigartilhøve som vil vera mest tenleg for framtida.

Karmsund interkommunale havnevesen har driftsansvaret for kaien i Føresvik og krev inn hamneavgift. Kommunen har driftsansvar for den gamle ferjekaien på Tåganes, kaien i fiskerihamna i Knarholmen og kai på Hognaland. Kaien på Torvberget i Våga er definert som offentleg kai. Innanfor moloane i Føresvik og

Alvestadkroken er det mindre kaier/areal som er "offentlege", men det er ikkje klårt kva rettar kommunen har. Kommunen har ingen inntekter frå kaiane.

Restane etter det gamle ferjeleiet er framleis ikkje fjerna på Tåganes. Til dette knyter det seg risiko for tryggleiken. Ein tek sikte på å rydda opp i 2011. Kostnaden er tidlegare vurdert til å bli omlag kr 50.000,-. Kostnadene vert dekkja av fond for vedlikehald av Tåganes.

Teneste 3330 - 3340 Kommunale vegar / miljø- og trafikksikringstiltak

Ein har fylgjande mål når det gjeld kommunale vegar:

Arbeidsmål for kommunale vegar:

Revidere handlingsplanen for tiltak på kommunale vegar.

Utføra arbeidet i samsvar med vedtatt serviceerklæring

Avslutta arbeidet med plan for trafikksikring og søkja om TS midlar.

Gjennomføra plan for trafikksikring.

Handlingsplanar.

Når plan for trafikksikring ligg føre må handlingsplan for kommunale vegar reviderast. For budsjettet for 2011 legg ein til grunn at asfalteringsprogrammet frå gamal plan blir fylgt opp og at tiltak i plan for trafikksikring blir fylgt opp. Det trengst kr 350.000,- årleg til asfaltering dei neste tre åra. I 2011 bør midlane nyttast til utbetring og asfaltering av 670 m veg på Hognalandsvegen. Dette kjem i tillegg til ordinært driftsbudsjett som er på kr.100.000.

I trafikksikringsplanen er fylgjande tiltak prioriterte med anslag for netto kostnad for kommunen etter at ein har teke mot tilskot:

2011

Fortau frå Leirgrovvegen frå ambulansegarasjen kr 36.000,-

Lys langs gangvegen frå Havnavegen til busstopp ved E39 kr 16.000,-

Lys frå Havnevegen via Knarholmvegen til busstopp ved E39 – 550 m kr 48.000,-

2013

Fortau 415 m sørover langs Havnavegen frå Alvestadkroken kr 165.000,-

På grunn av at fortau frå Leirgrovvegen til ambulansestasjonen krev førearbeid foreslår ein at dette arbeidet blir flytta til 2012. I 2011 tek ein sikte på å gjennomføre dei to tiltaka som går på gatelys. I budsjettet ligg kr.100.000,- årleg til trafikksikring.

Ein arbeider framleis med reguleringsplan for utviding av Føresvikvegen. Kommunen har ansvar for å driva fram dette arbeidet og nyttar ekstern plankompetanse. Kostnaden går inn i kostnaden for Føresvikvegen. Det må setjast av kr 150.000,- til konsulenttenester i 2011.

Utviding av Føresvikvegen til 2-felts ligg inne i handlingspakken som fylket har vedteke. Veggen er førebels kostnadsrekna til ca. kr 12 mill. Kostnaden vil bli delt med kr 4 mill. på Bokn kommune, 4 mill. på Haugalandspakken og resten på fylket. Etter at reguleringsplanen er vedteken, vil arbeidet med veggen gå utan avbrot så snart ein finn plass på årlege budsjett.

Ordinært vedlikehald:

Kommunen kjøper i dag tenester til snøbrøyting, kantklipp, vegskraping og anna vegvedlikehald. Kommunen si serviceerklæring blir lagt til grunn for korleis ein skal utføra tenestene. Kommunen vil i 2011 ta sikte på å inngå på rammeavtalar for dette arbeidet.

Teneste 3350 Rekreasjon i tettstad

I tenesta ligg drift og vedlikehald av offentlege plassar, torg, parkar og parkeringsplassar samt leikeplassar, grøntanlegg og turveggar i tettbygde strok. Kulturetaten har ansvar planlegging og budsjettering når det gjeld leikeplassar og turveggar, men teknisk gjer det fysiske arbeidet.

Utviklinga i samfunnet gjer at det blir venta at dei anlegga ein her snakkar om står fram på ein tiltalende måte. Korleis uteromma syner seg fram seier noko om dei verdiane som rår i kommunen. Drift og vedlikehald av uteareal har auka i omfang. Det er eit mål at ein saman med kulturetaten på sikt får arbeidd ut ein driftsplan for kommunen sine uteanlegg. Ein har ikkje sjølv den fagkunnskapen som skal til for å få gjort planarbeidet. Når arbeidet skal gjerast treng ein difor innleidd hjelp. Det vantar og anleggsgartnarkompetanse og maskinar for å kunna gjera arbeidet ute på ein god måte. Ein ser ikkje at ein kan auka innsatsen på området i 2011, men vonar at det blir funne rom seinare.

Nye anlegg som blir etablert som ein del av prosjektet "kjekt på Bokn" vil føra til at kostnadene til årleg drift og vedlikehald må aukast.

1000-års-plassen og nærmiljøanlegget ved Boknasundet er ikkje ferdig. Potensialet som rekreasjonsstader i nærmiljøet er ikkje utnytta.

Vedlikehaldsoppgåvene knytt til uteanlegg er størst i sumarhalvåret. Dette er samstundes med at eigne resursar er reduserte grunna ferie. Ein satsar på innleie av sumarvikarar. Det har år om anna synt seg vanskeleg å få tak medarbeidarar til desse jobbane. Dette gjer at kommunen kan koma i ein situasjon der ein ikkje maktar å klippa eller å utføra anna parkmessig stell. Ein må vera budd på at det kan bli naudsynt å leiga hjelp for å få gjort alt arbeidet. På sikt kan faste avtalar om vedlikehald vera ei løysing.

Det er under arbeid reguleringsplan for turveg mellom Alvestadkroken og Føresvik. Grunninnløysing eller utbygging vil ikkje koma før i 2012.

Ein har i 2010 kome godt i gong med å rusta opp hamneområdet innerst i Føresvik. For å få området ferdig med steinlegging er det behov for kr. 235.000,- . Ein har igjen kr. 70.000,- frå fyrste del av prosjektet. Restfinansiering vert då kr. 165.000,- som ein rår til vert lagt inn i budsjettet for 2011.

Teneste 3380 Førebygging av brann og ulykker

Tenesta omfattar feiarvesen og andre tiltak som skal førebyggja ulykker knytt til brann eller eksplosjon.

Arbeidsmål for tenesta:

Alle særskilte brannsynsobjekt skal ha tilsyn i samsvar med gjeldande krav. Ein skal arbeida ut handlingsplan for brannverntiltak.

Kommunen har eigen brannsjef som er knytt til rådmannen sin stab. Ut over dette vil tenesta frå 01.01.2011 bli teken vare på gjennom ein avtale med Tysvær kommune. Avtalen er gjort gjeldande for tre år. Kostnaden for 2011 blir omlag kr 335.000,-. Prisen skal indeksregulerast kvart år.

Tysvær skal som tidlegare utføre feiing i Bokn kommune. Denne tenesta skal også vera sjølvkostfinansiert og hadde i 2009 ei dekningsgrad på ca 60%. Gebyret for feiing i Bokn er i 2010 kr. 298,- inkl.mva og dette dekkar ikkje kostnaden vi har til kjøp av denne tenesta frå Tysvær. I tillegg har vi administrative kostnadene ved fakturering, innkrevjing etc.

Rådmannen har i budsjettet lagt inn same gebyrtypar og satsar som Tysvær, og rår til at desse vert vedtatt i gebyrregulativet. Auken i avgift gir ei meirinntekt på kr. 26.000,-

I framlegget frå Tysvær antar dei at ca 80% av abonnentane vil bli kategorisert med feiing kvar 4 år. For desse vil gebyrauken tilsvare 8%. For feiing kvart 2. år vil avgiftsauken vera 44%.

Type gebyr	Avgift inkl. mva
Feiing kvart 4. år	322
Feiing kvart 3. år	356
Feiing kvart 2. år	429
Feiing kvart år	643
Tilsyn med gassformig brensel	214
Feiing hytter (pr.feiing)	643

Teneste 3390 Brannvesen

Tenesta omfattar brannvesen, oljevernteneste, og andre førebuings og tryggingstiltak for å møte ulykker knytt til brann og eksplosjon. Målet er at ein skal vera i stand til å meistra hendingar i kommunen. Det er aktuelt å arbeida for at Bokn skal koma inn i eit interkommunalt brannvern.

Det er krav om at ein må ha grunnopplæring for å vera med i brannstyrken. Grunnkurs for brannmannskap på deltid må vera gjennomført innan 2012. Dei som ikkje då har dette kan ikkje vera med vidare. Om det kan bli gjeve dispensasjon for ei kortare tid etter dette veit vi ikkje. Den billegaste løysinga for Bokn vil vera om ein kan taka del i kus som blir arrangert lokalt saman med andre kommunar. Vi må rekna med ein kostnad på kr 50.000,- pr. mann. For heile styrken på 17 mann utgjer dette kr 850.000,-. Vi har fått tilbod om å vera med 5 personar på eit kurs i Tysvær neste år ein må setja av kr 250.000,- til dette. Vi kan vona på dispensasjon og satsa på å læra opp 5 mann kvart år I 2011, 2012 og 2013 så 2 mann I 2014.

Kostnaden som må leggjast inn dei 3 fyrste åra blir kr 250.000,-. Året etter blir kostnaden kr 100.000,-. Denne kostnaden må så bli fast deretter på grunn av opplæring av nye mannskap. Ein har då rekna med at ein får ein utskifting på mannskap kvart 8. til 9. år. I framtida bør opplæringa bli ein del av det brannvernsamarbeidet ein etablerer med andre kommunar.

Teneste 3400 Produksjon av vatn

I tenesta ligg vasskjelde, inntak, filtrering og reinsing av vatn.

Ein må til ei kvar tid syta for at vasskjelde ar stor nok og ein må gjennom god vassreinsing sikra at brukarane får vatn som held mål etter fastsett krav.

Noverande anlegg held ikkje mål. Vasskjelda må regulerast, reinseanlegg og høgdebasseng må byggjast nytt. Investering i høgdebasseng og reinseanlegg må koma fyrst. Vassverksgruppa har stipulert kostnaden til kr 8 mill. Etter som det trengst tid til prosjektering og innhenting av tilbod, er det grunn til å tru at arbeidet vil strekkja seg inn i 2012. Det er difor ikkje lagt inn midlar til utbygging i budsjettet/økonomiplanen. Eiga sak med kostnadskalkyle og finansieringsplan vert lagt fram for formannskapet/kommunestyret i 2011 og vert innarbeidd i økonomiplan for perioden 2012 – 2015.

Arbeid med regulering av vasskjelda må etter det koma i 2013. Kostnaden er ikkje kjend, men ein må rekna med fleire millionar.

Dei store investeringane kommunen står framføre gjer at ein må vurderer nivået på det brukarane må betala sidan vatn er eit område som skal vera til sjølvkost.

Teneste 3450 Distribusjon av vatn

I denne tenesta ligg pumpestasjonar, trykkbasseng, leidningsnett forutan gebyr for vassforsyning. Vidare skal ein føra kvalitetskontroll med vatnet ein leverer. Ein skal vurderer og utvida leveringsområdet samstundes som ein skal arbeida med å auka leveringstryggleiken. Kapasiteten på leidningsnettet må og vurderast med tanke på tryggleik i levering og sløkkjevatt. Etter ny plan og bygningslov er det eit krav at det skal vera tilgang til sløkkjevatt om ein skal føra opp nye hus.

Dei fleste bustader , gardsbruk og andre bygg på Bokn har vassforsyning frå kommunalt eller private vassverk. Det er berre i Lodenområdet, Straumen, Dagsland, Økland og Gunnarstad ein framleis har eigne brunnar og borehol.

I Jøsenområdet har ein eit privat vassverk Jøsenvatn som kjelde. Eigedommane på Grønnestad har privat vassverk kor Hagavatn er kjelde. Ein kjenner til at vassverket på Grønnestad til tider leverer vatn som ikkje er i samsvar med normerte krav. Det private vassverket på Grønnestad har og gardsbruk med mjølkeproduksjon mellom brukarane. Dei som driv mjølkeproduksjon er særers sårbare når det gjeld vasskvalitet. Det bør vurderer kva som kan gjerast for å betra kvaliteten på vatnet. Det vil vera føremålstenleg å arbeida ut ein plan som syner korleis ein kan sikra kommunalt kvalitetsvatn til heile kommunen. For å gjera ei slik utgreiing treng ein hjelp frå konsulent. Kostnaden er stipulert til kr 50.000,-.

Arbeidet med å skifta ut vasskummar må gå sin gong. Til dette ligg det kr.50.000,- i budsjettet.

Gebyr for vatn skal fastsetjast etter prinsipp for sjølvkost. I dette ligg at tilknytingsgebyr og årsgebyr skal dekkja heile kostnaden ved dei årlege driftsutgiftene, avskrivning av investeringar og renteutgifter. I rekneskapet for 2009 var dekningsgraden 59% så det er langt igjen til at gebyra dekkja kostnadene. Planlagde investeringar vil auka kommunen sine kostnader vesentleg. Ein blir difor tvungen til å vurderer stor auke i avgiftsnivået i åra framover. Rådmannen har i budsjettet for 2011 lagt inn forslag om 20% avgiftsauke på vatn. Inntektsauken vert då ca 200.000,-.

Teneste 3500 Avlaupsrensing / slam

Tenesta gjeld reinseanlegg og utlaup og handtering av restprodukt (slam og vatn).

Kommunen har driftsansvar for 5 større slamavskiljarar. Eit privat firma tek seg av tøming av slam. Avvatna slam blir lagt i deponi på Toraneset.

Anlegget for slambehandling i Føresvik held ikkje mål. Det er underdimensjonert, anlegget er frå 1975 og blei bygd for 100 pe. I dag er 160 pe. Ein får av den grunn store kostnader knytt til at ein må tøma 4 gonger i året. Sjøleidningen held heller ikkje mål. Etter kommuneplanprogrammet skal mykje av framtidig bustadbygging gå føre seg i området som soknar til anlegget. Eit nytt anlegg må difor dimensjonast for langt fleire hus. Sjølv om anlegget er under press kan det vera føremålstenleg å venta med utbygging til kommuneplanen er godkjend, slik at endeleg plan kan leggjast til grunn for dimensjonering. I og med at kommunen dei næraste 3 åra står føre store kostnader knytt til vassverk, kan det vera tenleg å venta med investering her til i 2014. Utgreiingsarbeidet må ta til 2012 når kommuneplanen ligg føre.

Tilknytingsavgift og årleg gebyr skal bera kostnadene kommunen har med kloakkanlegg dvs. sjølvkost.. I 2009 var utgiftene ca 1 million og inntektene frå gebyra ca kr.600.000,- dvs ei dekningsgrad på 60%. Kommunen subsidierer med andre ord ein stor del av kostnadene, noko som ein ikkje skal gjera. Rådmannen rår til at det i åra framover vert vesentleg auke i avgiftene i forbindelse med nye investeringar. For 2011 har rådmannen lagt inn i budsjettet av avgiftene vert auka med 20% som vil gi ei inntektsauke på ca 120.000,-.

Teneste 3530 - 3540 Avløpsnett / innsamling av avløpsvatn

Tenesta omfattar pumpestasjonar og leidningsnett og er eit sjølvkostområde

Å gjennomføra avlaupsplanen i Alvestad står framleis som ei uløyst oppgåve Det er eit mål at alle private kloakkleidningar som kan knytast til anlegget skal koplust på. Plan og bygningslova gjev heimel for å setja fram krav til oppsitjarane.

Tilknytingsavgift og årleg gebyr skal bera kostnadene kommunen har med kloakkanlegg. Rekneskapet frå 2009 viser at avgiftene dekker ca.60% av kostnadene.

Rådmannen har i budsjettet lagt inn at dei årlege gebyra må auka med 20% i 2011 og ein må rekna med vesentleg auke i desse gebyra når nye investeringar skal gjerast. Inntektsauken for 2011 er berekna til kr.120.000,-

Teneste 3550 Innsamling av avfall

Tenesta omfattar innsamling og henting av avfall, samt avfallsgebyr. Tenesta skal vera til sjølvkost.

Haugaland Interkommunale Miljøverk, HIM, har ansvar for å samla inn avfall på Bokn. Frå og med 2010 har HIM innført eit differensiert tenestetilbod og fastsett gebyr for renovasjon til private bustader. Den enkelte abonnent kan nå i større grad bestilla avfallsdunkar som er tilpassa eige behov. Frå og med 2011 er det difor

ynskjeleg å innføre dette nye regulativet som gir våre innbyggjarar større valfridom. Eit slikt regulativ vil opplevast meir rettferdig fordi ein kan betale i forhold til tenesta.

I avtalen mellom HIM og eigarkommunane er det ein føresetnad at det skal vera like gebyr i deltakarkommunane. Likevel er det den enkelte kommune som skal vedta gebyra for eigne innbyggjarar. Kommunen har også eigne administrasjonsutgifter i samband med renovasjon, abonnementregister, fakturering, innkrevjing, rekneskap/budsjett og kontakt med abonnentane, og desse kostnadene skal ein dekkja inn i tillegg til det gebyret som HIM har fastsett. Rådmannen har lagt inn i budsjettet at alle renovasjonsgebyra vert auka med kr.84,- for å dekke desse kostnadene.

Oversikt gebyr inkl.mva.

	Pris 2010	Him 2011	Bokn	Total gebyr
Standard abonnement	2 813	2 894	+84	2 978
Lite abonnement	-	2 461	+84	2 545
Stort abonnement	-	5 789	+84	5 873
Ab. m/stor restavfalldunk	-	5 215	+84	5 299
Ab. m/stor papirdunk	-	3 188	+84	3 272
Hytte abonnement	1 406	1 747	+84	1 831
Ekstra henteavstand inntil 30m	-	1 447	+84	1 531

Eit standard abonnement har fått ei auke på 5% og hytter renovasjon er auka med ca. 30%. Ved overgang til lite abonnement vert det ei reduksjon i avgifta på kr.200,- dvs 7%.

Teneste 3600 Naturforvaltning og friluftsliv

Tenesta omfattar koordinering av miljøvernarbeidet i kommunen, herunder ansvar for å arbeida ut miljø- og naturressursprogram. I dette ligg at ein skal sjå til at utmark- og friluftsområda blir forvalta på ein god måte. Vidare skal ein vera med å sikra tilgjenge for allmugen til badeplassar og opparbeida rasteplassar, småbåthamner, fortøynings- og kai plassar. Ut over dette har ein ansvar for forvaltning av ferskvassfisk og vilt.

Strandsona og sjøen er viktige friluftsområde for innbyggjarar og turistar. Planar og tiltak som betrar bruken av desse ressursane er viktige for Bokn si framtid. Strandsonesoneringsprosjektet som er ein del av kommuneplanarbeidet er viktig i denne samanhengen.

Kommunen manglar ei oppdatert viltkartlegging som skal vera del av registrering av eit samla biologisk mangfald. I fleire byggjesaker saker blir kommunen konfrontert med at ein ikkje kan dokumentera omsyn til biologisk mangfald. Arbeid med dette må ikkje gløymast, men kan neppe prioriterast 2011.

I kommuneplanen har ein fastsett trasear for turstiar og markert viktige lokale friluftsområde. Ei friviljug gruppe under "Kjekt på Bokn" prosjektet har fullført stiprosjekt og det vert arbeidd med nye trasear.

Ein har små resursar til forvaltning av vilt og fisk. Teknisk sjef er sekretær for den kommunale nemnda, men fagkunnskap manglar. Arbeidet er avgrensa til forvaltning av hjortevilt. Kommunen bør gje hjelp til utarbeiding av driftsplanar for jakt og fiske.

Kommunen har samarbeid med Hjorteviltsentret på Svanøy når det gjel forvaltning av hjort. Utgiftene vert dekkja frå viltfondet som blir finansiert av jegerane. Samarbeid med andre kommunar bør vurderast.

Ein rår til at tiltak som ligg under denne tenesta også blir drøfta i prosjektet "Kjekt i Bokn". Nye tiltak bør leggjast inn i budsjettet for dette prosjektet.